

LNK AVISA

POST@LNK.NO NR 4 • 2009 • ÅRGANG 8 WWW.LNK.NO

Stord Årets nynorskkommune

Stord kommune er kåra til Årets nynorskkommune 2009. Også Fjell kommune får rosande omtale.

S. 5

Kartlegg nynorsk

NRK har gjennomført ei kartlegging blant dei nynorskbrukande journalistane sine.

S. 6

Val 2009

Stortingsvalet 2009 skulle bli det digitale valet. Men fungerer valkamp på Twitter eller Facebook? Og kva valløfte gir politikarane om nynorsk?

Sjå temadel S. 7 - 11

Kraft og kultur



Foto: Astrid Eidhammer Hjeltnesland

Kraft-, reiseliv- og kulturkommunen Vinje tilbyr attraktive arbeidsplasser i høgfeltet. Bibliotekar Ranveig Tunheim fann draumejobben på Rauland.

• Sjå s. 18 - 21

I undring



Foto: Astrid Eidhammer Hjeltnesland

Ho forskar og gir barna svar på vanskelege spørsmål. Programleiar i Newton, Solveig Hareide (26), vil gjerne at barna også skal få oppleve nynorsk på skjermen.

• Sjå s. 14-15



Foto: Ingrid Hillestad

Samarbeid på tvers

Fastlege i Samnanger kommune, Jakob Norup (i midten), trur det kan bli naudsynt med større fagmiljø og endra kommunestruktur for å møte krava i regjeringa si samhandlingsreform. Regjeringa vil no at fleire helseoppgåver skal over frå spesialisthelsetenesta til kommunehelsetenesta. Samanslåing med andre kommunar kan dermed bli naudsynt, meiner Norup.

- I ein så liten kommune er det ei heil mengd med område som må løftast, og det kan bli urealistisk å skulle klare dette med så få hender, seier han.

Sjå s. 3

BRUK LNK KORTET



TRADISJON OG MODERNE KOMFORT – HAND I HAND!

Hotell Hordaheimen framstår som ny, større og endå betre! Vi gjev alle medlemmer av LNK og deira tilsette spesialprisar på overnatting både helg og vekedagar.

	Vekedagar	Helg
Enkeltrom	kr 695,-	kr 595,-
Dobbelrom	kr 895,-	kr 795,-

Sei du representerer ein LNK-kommune når du tingar rom. Herleg frukostbuffet er inkludert.

HOTELL HORDAHEIMEN
Best Western
Tlf: 55 33 50 00 / e-post: booking@hordaheimen.no

Informasjonsavis for
Landssamanslutninga av nynorsk kommunar

Redaktør
Judith Sørhus Littlehamar

Valkamp på nettet

Det ser ut som om det er skapt ein ny trend i valkampen til stortingsvalet 2009. Valkampen er flytta over til nettet og dei sosiale media. Det er på blogg, Facebook og Twitter ein skal vinne veljarane. Men fungerer det? Kva meiner eigentleg veljarane?

Ei kartlegging Synovate har laga for NRK, viser at 95 prosent av dei spurde fylgjer med på valkampen. Men kva media vel dei? Dei fleste er ikkje i tvil. 80 prosent av dei spurde seier nemleg at dei finn den mest relevante informasjonen på tv. Tre prosent svarer derimot at dei finn den mest relevante informasjonen på kanalar som Facebook.

Tre prosent er ikkje mykje. Likevel har mange politikarar klokkartru på å blogge og kvitre til seg fleire veljarar. Ein av dei er kunnskapsminister Bård Vegard Solhjell (SV).

– Sosiale medium gjer det ikkje minst enklare å samtale, å treffe mange menneske og å utsetje seg for spørsmål frå dei. Facebook og Twitter er først og fremst stader der det vert lettare for oss å treffe kvarandre, har han tidlegare uttalt.

Han kan ha rett i det. Men truleg vert desse digitale møteplassane mest av alt ein arena for nettverksbygging inne i det politiske miljøet. Dei som er opptekne av at politikarane er på nett, er i stor grad dei som sjølve er meiningsberande i samfunnet. Det er ikkje folk flest.

Og midt i den rosenraude trua på nettet finn ein dei som ikkje meiner ein vann veljarane på Twitter. – Desse arenaene fungerer best som utveksling av rask informasjon og til nettverksbygging. Ikkje til å vinne valet med, slår professor Kjell Lars Berge fast.

Veljarane har talt. Kanskje er det ikkje på Twitter valet skal vinnast likevel?

Utgjevar:
Landssamanslutninga av
nynorsk kommunar (LNK)

Redaksjon:
Einar Schibevag
Ingrid Hillestad
Astrid Eidhammer Hjelmeland
Toymi Tobekk

Faste spaltistar:
Jan Olav Fretland
Vidar Hoviskeland

Korrekturlesar:
Dag Gjerdet

Adresse til redaksjonen:
LNK-Avisa
Næringsbedet i Vatlandsvåg
4235 Heibnes

Telefon 52 79 04 80
Telefaks 52 79 04 81
E-postadresse:
bladstova@lnk.no

Montering:
Norsk Plan A/S -
Astrid Eidhammer Hjelmeland

Trykk:
Sunnhordland
Opplag omlag 6000
Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år og kan
tingast bti


LNK, tlf. 22 33 14 00,
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,
eller bladstova@lnk.no
Pris kr 150 per år.

Utgjevsplan 2009
16/10, 4/12

Annonseprisar:
1/1 side kr 17 000,-
(253x360 mm)
1/2 side kr 10 000,-
(253x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 6 500,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
20 kroner per millimeter.

Prisane gjeld ferdig materiell.
Tillegg for farge.

Annonser blir å levera
som pdf-fil til:
astrid@norsk-plan.no



Illustrasjon: Leif Harald Forthun

”Ska di tukla me nynorskjen no igjen?”

Ja, det melde NRK og vestlandspressa nyleg. Oppdraget til Språkrådet kjem frå Kulturdepartementet – og i siste instans Stortinget, som i det omfattande vedtaket den 28. april i år om ein ny språkpolitikk hadde dette som ei av rundt hundre enkelt saker.

Men ein rettskrivingsrevisjon reiser likevel automatisk ei rekke spørsmål. Blir det ikkje – igjen – berre ein periode med ufruktbar usemje blant målfolket? Er det ikkje heilt andre grep som må takast for å styrkja nynorsken i samfunnet? Kven er rettskrivinga til for?

For det første: Stortinget og Kulturdepartementet har gått inn for dette fordi dei meiner at rettskrivinga for bokmål og nynorsk i prinsippet bør vera på linje. Etter 2005 er ikkje det lenger tilfellet. Det året godkjende departementet ei forenkling av bokmålet ved at alle klammeformer då fall bort. Valfridom er det framleis svært mykje av i bokmål, men no er det berre valfridom mellom likestilte former. Nynorskseksjonen i det som i 2003 heitte Norsk språkråd, fekk òg sjansen, men greidde ikkje å semjast om ei tilsvarande forenkling for nynorsken. Skal ein no med opne auge gå inn i nye rundar med debatt? Svaret er at viss ein vil unngå strid om rettskriving, kan ein knappast gjera noko med ei rettskriving. På tykkjer det er eit fornuftig prinsipp.

For det andre: Mange, også Språkrådet, meiner at det ikkje er rettskrivingsjustering

gar som avgjer om nynorsken vil halda seg. Styrken til nynorsken blir avgjort av den kollektive interessa for og viljen til å bruka nynorsk. Likevel trur Språkrådet at det ikkje er likegyldig korleis rettskrivinga ser ut. Me trur at ei funksjonell og oversiktleg rettskriving er ein styrke. Og viss det stemmer, må me gjera det me kan med rettskrivinga.

Me trur at ei funksjonell og oversiktleg rettskriving er ein styrke.

For det tredje: Fleire, ikkje minst forfattarar, har reagert på at ny rettskriving kan resultera i mindre valfridom. I så fall går dei hardt imot. Dei ønskjer å skriva som før. Det er her eg må seia så tydeleg eg kan: rettskrivinga i nynorsk er – i utgangspunktet – ikkje for forfattarar eller andre privatskrivande. Rettskrivinga både i nynorsk og bokmål gjeld to grupper i samfunnet: Unge som skal læra å skriva norsk, og vaksne som i jobben er pålagde å følgja offisiell rettskriving. For alle andre – aviser, forfattarar, forlag, næringsliv osv. – er rettskrivinga eit tilbod og ei rettesnor. Og det er tradisjon i landet vårt for at

forfattarar ikkje nødvendigvis følgjer rettskrivinga i detalj!

Hamsun-året gjer det freistande å sitera høvdingen: – Næsten alle er enige om at vi skal ødelægge Sproget, det er Tempoet i Tingen de strides om. (*Sproget i Fare, 1918*) Hamsun skriv godt, men det som skal skje med nynorsken, skal ikkje bidra til øydelegging.

– Treng større fagmiljø

Tilyslege og fastlege i Samnanger, Jakob Norup, trur det kan bli naudsynt med større kommunar og fagmiljø for å møte krava i regjeringa si samhandlingsreform.

INGRID HILLESTAD
ingridhillestad@hotmail.com

Ordførar Marit Aase meiner vestlandskommunen enn så lenge er best tent med den grensa han har i dag.

Tal frå Akademikarane, fagforeininga for dei høgt utdanna, viser at heile 94 % av dei velutdanna føretrekkjer å jobbe andre plassar enn i kommunane.

– Fagmiljø er det som veg tyngst når akademikarane skal velje arbeidsplass. Gode fagmiljø i kommunane er avgjerande for at innbyggjarane skal kunne få det same gode velferdstilbodet uavhengig av kvar dei bur. Dette viser at samhandlingsreforma aktualiserer behovet for å tenkje nytt om den kommunestrukturen vi har i dag, seier leiar i Akademikarane, Knut Aarbakke, i ei pressemelding.

INGENIØRANE FORSVINN

Ordførar Marit Aase i hordalandskommunen Samnanger, som har 2354 innbyggjarar, kjenner godt til utfordringane med å rekruttere og halde på høgt utdanna fagpersonell. Ho opplever mellom anna at nyutdanna ingeniørar som får seg jobb i kommunen hennar, raskt forsvinn til større konsulentfirma. Der finn dei større fagmiljø, meir spesialiserte oppgåver og betre lønn. Legar er ei anna gruppe kommunen har slite med å halde på. Etter å ha gjort grep her, mellom anna med nye lokale, ny organisering av arbeidsoppgåver og innføring av legevaktssamarbeid med nabokommunen Os, ser legane ut til å trivast betre. Iallfall er det no større stabilitet i kommunehelsetenesta i Samnanger enn kva det var for nokre år sidan



Tilsynslege ved Samnangerbeimen, Jakob Norup trur det kan bli naudsynt med større fagmiljø og endra kommunestruktur for å møte krava i regjeringa si samhandlingsreform. Her saman med dei assisterande avdelingsjulekepleiarane, Kari Dyrhovden (t.v) og Wenche Steinsland (Foto: Ingrid Hillestad)



Ordførar Marit Aase er kritisk til at ei helsereform skal få styre kommunestrukturen. (Foto: Ingrid Hillestad)

LEGANE TRIVST

Fastlege i kommunen, Jakob Norup, stadefestar gode arbeidstilhøve. – Kva er bra ber? – Vi har eit godt arbeidsmiljø. Dette gjev god innverknad på både eigen og pasientane sine kvardagar. Det

blir ein meir effektiv arbeidsgang når kommunestrukturen er så liten. Du får personleg kjensskap til dei du løyser oppgåver med, svarar Norup.

Han trur likevel det kan bli naudsynt med større fagmiljø og endra kommunestruktur for å møte krava i regjeringa si samhandlingsreform. Regjeringa ønskjer at fleire oppgåver skal overfrå spesialisthelsetenesta til kommunehelsetenesta. Samanslåing med andre kommunar kan bli naudsynt, meiner Norup.

– I ein så liten kommune er det ei heil mengd med område som må løftast, og det kan bli urealistisk å skulle klare dette med så få hender, seier legen.

TRADISJON FOR SAMARBEID

Samnanger kommune er, som ein av hordalandskommunane, no i gang med møteverksemd med KS og regionen sitt helseføretak om reforma. Aase ser at kommunen står overfor nye utfordringar med tanke

på rekruttering og ressursar i helsesektoren. Likevel har ho tru på at Samnanger vil kunne klare seg som eigen kommune framover. Ei styrking av det lokale, kombinert med interkommunalt samarbeid, er løysinga, trur ordføraren. Samarbeid gjennom Bergensrådet og med nabokommunane Fusa og Os har allereie lange tradisjonar i Samnanger. Erfaringane er gode, mellom anna innan område som IKT og landbruk.

– Vi har regelmessige møte med ordførarar og rådmenn i nabokommunane. Fagmiljø innan skule og helse samarbeider også over kommunegrensene. Vi har vidare styrka samhandlinga innan Bergensregionen, forklarar Aase.

BØR IKKJE GÅ FOR FORT FRAM

Ordføraren erfarer likevel det som Akademikarane dokumenterer: at større og meir spesialiserte fagmiljø verkar attraktivt på enkelte høgt utdanna faggrupper. Ho trur at ei vidare utvikling av det interkommunale samarbeidet vil kunne løyse problemet.

– Smått kan vere godt. Småkommunar ligg ofte på topp over plassar der det er godt å bu. Små forhold gjev ofte gode tenester. Dessutan er kommuneinndelinga her naturleg i forhold til topografien med fjellovergangar og fjordar. Eg trur det er klokt å ikkje gå fort fram med å endre kommunestrukturen her i landet. Eg er kritisk til at ei helsereform skal få styre her, sluttar Aase.

Samhandlingsreforma

Regjeringa la fram si samhandlingsreform i juni i år. Eit hovudmål er at pasientane skal få betre behandling der dei bur. Betre samarbeid mellom kommunar og sjukehus er ei anna viktig målsetjing.

Reforma vil krevje opprusting av kommunehelsetenesta, fleire nye legeårsværk i kommunane, auka fokus på førebygging og rehabilitering i kommunane, samt samarbeid på tvers av kommunegrensene

Kommunal medfinansiering av pasientar på sjukehus er eit av tiltaka regjeringa ser for seg kan inspirere kommunane til å vurdere eigen helseinnsats i eit fagleg og samfunnsøkonomisk perspektiv.

Leiar i fagforeininga Akademikarane, Knut Aarbakke, meiner reforma gjer det aktuelt å tenkje nytt om kommunestrukturen. Personar med høg utdanning vegrar seg for å jobbe i små fagmiljø, viser tal frå Akademikarane.

Kjelder: www.regjeringa.no og www.akademikerne.no

– Kommunesamanslåing kan bli naturleg konsekvens

Rådgevar i Kommunenes Sentralforbund (KS), Astrid Toft, trur ikkje samhandlingsreforma vil endre vesentleg på utfordringane kommunane har i dag med å skaffe kvalifisert arbeidskraft.

INGRID HILLESTAD
ingridhillestad@hotmail.com

– Å få høgkompetent arbeidskraft er ei vedvarande utfordring for mange kommunar. Kommunane får ikkje noko gratis med samhandlingsreforma, dei må stå på, seier ho.

Ho trur ikkje at vi vil sjå effekten av rekrutteringsarbeidet som

kommunane no må i gang med for å skaffe meir helsepersonell, før om minst ti år.

OFFENSIVE KOMMUNAR

At samhandling over kommunegrensene blir naudsynt med helsereforma, er ikkje Toft i tvil om.

– Om ein liten kommune til dømes skal kunne handtere ein pasient med heimerespirator, ein alvorleg trafikkskadd person eller andre kompliserte tilfelle, blir samarbeid avgjerande, held ho fram.

Toft ser ikkje vekk får at samanslåing på lang sikt kan bli ein naturleg konsekvens av utstrakt samarbeid mellom mindre kommunar. Men ho meiner dette ikkje er noko kommu-

nane treng å fokusere så sterkt på her og no.

ETTERLYSER DIALOG

Viktig no, meiner rådgevaren, er at kommunane har ein tett dialog og samla interesser, for at dei skal kunne bli ein reell og likeverdig samhandlingspartner med dei mektige helseføretaka. Her er KS aktiv med å etablere nettværk og samarbeidsutval, mellom anna mellom pleie- og omsorgsjefane i kommunane.

– Eg er optimistisk på kommunane sine vegner. Eg ser ei offensiv haldning i fleire kommunar. Dei tar i mot nye utfordringar, og det er flott, sluttar Toft.

KRONIKKFORFATTAREN

Sylfest Lomheim
direktør for Språkrådet





Landssamanslutninga
av nynorskkommunar (LNK)

PB 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo

www.lnk.no

post@lnk.no

Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland

Styret:
Jan Magne Dahle, leiar
Astrid Myran Aarvik, nestleiar
Solfrid Borge
Laura Seltveit
Rune Øygard

Varamedlemmer:
Nils R. Sandal
Velaug Veum
Bjørn Fredrik Nome

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerør for medlemmene og spreie informasjon som styrkjer dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

SITATET:

Norsk distriktsmarknadsføring har eit snev av elitisme over seg. Er du sporty, kom til oss. Med andre ord: er du ressurssterk, og har overskot, kom til oss. På dette punktet har marknadsføringa av distrikta treft høgkompetansemålgruppa ein ønsker å tiltrekke seg.

Frilans journalist, skribent og blogggar Anne Viken i Syn og Segn 02/09

Høviske ord

Det går mot Stortingsval. Nytt av året er at me har fått eit eige politisk parti, oppretta for å kjempa mot valfridomen i det norske språket. Den pensjonerte norsklæraren (sic!), Einar Smordal, har starta partiet "Ett (skrift) språk", som har til føremål å fjerna nynorsken i skulen og forvaltninga. Eg er spent på resten av kulturprogrammet til partiet, for ikkje å snakka om den utanrikspolitiske lina partiet vil leggja seg på.

Kva er det med nynorsken? Kva er det med nynorsk som gjer at han engasjerer så mange, gjer somme så aggressive at dei går frå bokmål til bokbål? Under ein skuledebatt på Nes i Akershus nyleg sa Amara Butt frå Unge Høgre at "Nynorsken skal tilbake til fjøset der den hører hjemme" - altså ei slags vidareføring av den klassiske Unge Høgre-parolen frå nokre val tilbake: "La dem raute nynorsk".

Partileiar Erna Solberg avdramatiserer haldningane til dei unge i partiet i eit intervju med LNK.no i sist veke: "Kultur og språk er grunnlaget for identitet og tilhøyrse, men er også viktig for å forstå andre sin kultur og religion. Høgre ønskjer eit mangfaldig og variert kulturliv kor flest mogeleg får høve til å delta og bidra. Målet er at norske kulturut-

øvarar skal kunne hevde seg i verds-klassa. Høgre vil føre ein politikk som tar vare på og utviklar norsk språk," seier Erna Solberg. Ikkje mykje om sidemålsproblematikken her. Me får leva i vona om at partileiaren med norsk språk meiner begge dei likestilte språkførmene nynorsk og bokmål.

Me har og fått vita at i FrP er det så viktig å fjerna sidemålsstilen (les nynorsken), at partiet har teke med ein strategi for å få fart på denne prosessen i det såkalla 100 dagars-programmet sitt.

I valkampen har representantar for Høgre og FrP teke til orde for å gjera sidemål valfritt og bruka ressursane på å styrkja basissfag som norsk og matte. I følgje desse partia skal altså faget norsk styrkjast ved at elevane skal få høve til å læra mindre norsk.

Dersom ein gjer eit skulefag valfritt, vil dei aller fleste elevar velja det vekk. FrP og Høgre vil altså styrkja norskfaget i skulen ved å la elevane kunna velja vekk bokmål i nynorskområde, eller nynorsk i bokmålsområde. Når dei same partia blir utfordra på skulepolitikk elles, plar omkvedet vera at det trengst meir kunnskap, meir lekser og meir disiplin i skulen. Men i det viktigaste

basisfaget, norsk, ønskjer desse partia altså å redusera kunnskapen.

Dette heng ikkje saman. Faget norsk er sett saman av dei to språkførmene nynorsk og bokmål. Begge førmene er umistelege delar av den norske kulturarven og viktige bærebjelkar i nasjonsbygginga. Der- som det vert opna for prinsippet om at elevar i ulike delar av landet skal kunna læra seg ulike språkformer og velja vekk ulike delar av kulturarven vår, svekkjer me Noreg som nasjon. Sjølv om somme av dei som veks opp i LNK sine medlemskommunar, kanskje ville blitt glade for å sleppa å læra bokmål, må dei aldri få lov til det.



Vidar Høviskeland er dagleg leiar i LNK

Vil realisere nynorske læreverk

Vaksenopplæringsstaten Vox har saman med LNK starta arbeidet med å finne ut korleis ein kan realisere eit fullstendig læreverk i norsk for innvandrarar på nynorsk.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Vox har tidlegare fått i oppgåve frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet om å lage ein strategi for kva som kan gjerast for å få nynorsk undervisningsmaterieill i norskopplæringsstaten for vaksne innvandrarar. Som ein del av denne strategien utfordra Vox tidlegare i år nynorskkommunane til å bli samde om eit læreverk som dei ønskte omsett til nynorsk. Dei føreslår vidare at det vert sett av midlar over eitt eller to år til å omsetje eitt eller deler av fleire læreverk til nynorsk. Staten har no hatt det første møtet med LNK og lærarar som arbeider med fagområdet.

ARBEIDSGRUPPE NEDSETT

– Me er no samde i korleis dette skal fylgjast opp, og har lagt ein framdriftsplan, seier underdirektør i eining for minoritetsspråkleige i Vox, Helga Arnesen.

Det er sett ned ei lita arbeidsgruppe som skal arbeide fram forslag til korleis ein kan realisere dette på den beste måten. Målet er å presentere eit samla opplegg som dekkjer heile opplæringsløpet frå nivå A 1 til B 1/ B2. Det kan vere eitt læreverk eller delar av ulike verk. I gruppa sit lærar ved Ulstein kompetansesenter i Ulsteinvik, Mali Åm, og lærar ved Gloppen opplæringscenter i Gloppen, Anne Kristin Myklebust.

Utdanningsdirektoratet lyste i 2006 ut tilskot til nynorske læremidlar. Til saman vart det då gitt støtte på til saman 1,9 millionar kroner. I inneverande år har etaten 200.000 kroner att til rådvelde for omsetjing av nynorske læremidlar.

– EIT POLITISK SPØRSMÅL

– Arbeidsgruppa vår skal no uttale seg om korleis dei meiner desse midlane kan brukast på den beste måten. Dei

skal også gå gjennom dei nynorske læremidla som eksisterer, for å kartlegge korleis ein kan få det beste nynorske tilbodet. Me håpar å setje i gang arbeidet med omsetjing alt dette året, seier Arnesen.

Men ho legg vekt på at dette økonomisk er avhengig av framtidige

nasjonalbudsjett. Gjennomsnittleg har etaten hatt om lag ein million kroner årlig til utvikling av læremiddel og metodar knytte til læreplanen. Dette er pengar som mellom anna vert brukte til omsetjingar.

– Dette er også eit politisk spørsmål, slår Helga Arnesen fast.

50 har signert opprop

**Krav om nynorsk lære-
materieill for innvandrarar får
brei støtte i kommunane.**

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Tidlegare i år gjekk leiar i Vindafjord mållag, Anne Margrethe Eidhammer, ut og bad ordførarar støtte eit opprop med krav om nynorsk undervisningsmaterieill i alle fag til framandspråkleige. No har 50 ordførarar skrivne under på oppropet.

– Eg har stadig opplevd at folk med innvandrarbakgrunn har teke

kontakt for å få undervisning på nynorsk. Det er og lærarar som har teke kontakt for å høyra om mållaget veit kvar det kan vera aktuelt undervisningsmaterieill å finna, då det som har lege føre, ikkje har vore godt nok, skriv Eidhammer i brevet ho har sendt til ordførarane. Ho meiner at også språk er viktig i integreringa.

– Skal me integrere folk utanfrå, må me og gje dei språket og talemålet vårt, slår ho fast i brevet. Eidhammer kjem til å sende oppropet vidare til departementet.

Stord er Årets nynorskkommune

Stord kommune er kåra til Årets nynorskkommune 2009. Også Fjell kommune får rosande omtale. – Me tek mål av oss til å bli verdas beste og største nynorskby, seier ordførar i Stord kommune, Liv Kari Eskeland (H).

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Dette er utruleg kjekt og gledeleg. Me er veldig bevisste på å bruke nynorsk i kommunen. Det er inspirerende å få ein slik pris, seier den stolte ordføraren. Ho viser mellom anna til kommunen sitt engasjement i Falturiltu-festivalen, som set fokus på nynorsk barne- og ungdomslitteratur.

– Kanskje dette betyr at me kan leggje ned noko meir midlar i denne festivalen i år enn tidlegare, seier ho. I søknaden Stord kommune sendte departementet, kjem det også fram at det vert jobba med ein ide om å få til eit krafttak for nynorsk barnelitteratur. Tanken er at prosjektet – som framleis er i startgropa – skal nå over alle nynorskfylka og gje tilbod til blant andre lærarar, elevar og foreldre. Det vert også lagt vekt på at kommunen har ei sterk nynorsk lokalavis, og at kommunestyret deler ut ein årlig målpris.

– EIT VITALT BRUKSPRÅK

Prisen Årets nynorskkommune på 100.000 kroner er nyoppretta og skulle gå til ein kommune som har nynorsk som sitt offisielle språk, og som har gjort ein særskild innsats for å fremja nynorskens plass i samfunnet. Det er Kommunal- og regionaldepartementet som deler ut prisen. Kriteria for prisen er utarbeidd i samarbeid med LNK. Elleve kommunar søkte om å bli vurderte til prisen. Dei elleve er Valle, Sund, Vinje, Fjell, Lom, Hornindal, Stord, Aurland, Norddal, Nissedal og Ullensvang kommunar.

Av desse var det Stord kommune som trekte det lengste strået, men også Fjell får ros for sin nynorskbruk.

– Dei to arbeider for å oppretthalda nynorsk som eit aktivt og vitalt bruksspråk, seier kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa i ei pressemelding.

– I ei tid med internasjonalisering og språk-påverknad utanfrå er det flott at så mange som 114 kommunar brukar nynorsk som dagleg språk og byggjer sin kulturelle identitet opp mot dette, seier statsråden vidare.

HÅPAR PRISEN INSPIRERER

Juryen nominerte to kommunar, Stord og Fjell, som begge har ei medviten haldning til bruk av god nynorsk. Dei to kommunane brukar språket aktivt både i den daglege verksemda og i omdømearbeidet, og dei er stolte over å vera nynorskkommunar.

– Stord er ein verdig vinnar av prisen som årets nynorskkommune 2009, seier Kleppa i uttalen frå departementet.

– Eg vonar prisen vil verka stimulerande for alle som er engasjerte i å oppretthalda nynorsk som eit aktivt og vitalt bruksspråk i kommunane, og at dette kan bli ein inspirasjon til vidare innsats.

Juryen meiner Stord fyller kriteria for prisen på ein god måte. Blant anna oppmuntrar dei næringslivet i kommunen til å bruke nynorsk til reklame og administrasjon, mellom anna ved å dele ut ein årviss målpris. Kommunen



Ordførar i Stord kommune, Liv Kari Eskeland (H) er bevisst bruken av nynorsk. (Foto: Stord kommune)

er også drivkrafta bak Falturiltu-festivalen, samstundes som dei medvite bruker nynorsk i eiga omdømebygging, heiter det i grunnleggjende.

SPRÅK I OMDØMMEBYGGINGA

I juryen til Årets nynorskkommune sat Vidar Høviskeland, Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK), Gunn Berit Gjerde, fylkestingsrepresentant (V) i Møre og Romsdal, Rune Hetland, Landslaget for lokalaviser (LLA) og Eli Johanne Lundemo, Kommunal- og regionaldepartementet. I vurderinga er det lagt vekt på kommunal informasjon og heimeside, kommunale planar og målbruksplanar, og om kommunen er under press når det gjeld nynorsk. I tillegg set ein søkjelys på om kommunen elles bruker nynorsk aktivt, særleg i omdømebygginga.



Nils R. Sandal (SP)
Fylkesordførar i Sogn og Fjordane fylke

På kommunevis

Søkelys på klima

Eg registrerer at mange kommunar og fylkeskommunar no aktivt tek fatt i klimautfordringane gjennom å lage klima-, miljø- og energiplanar. Vi står overfor store utfordringar i høve trongen for reduksjon av klimautslipp og dei forventede klimaendringane. Det hastar med å setje i verk tiltak.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok i vår ein fylkesdelplan for klima og miljø. Fylkeskommunen har lagt vekt på å få fram ein samla og forpliktande klimapolitikk for heile fylket. Planen samordnar og omset nasjonale mål til regionalt og lokalt nivå. Vi vonar at planen vil kunne hjelpe og støtte regionale styresmakter og kommunane i deira klimaarbeid. Det er ein omfattande plan som føreset ei systematisk oppfølging. Vi inviterer alle innbyggjarane, offentlege styresmakter, næringslivet, frivillige organisasjonar og andre om å medverke i dette viktige arbeidet.

Reduserte utslipp av klimagassar både i produksjon og forbruk står sentralt. I tillegg har fokuset på tilpassingstiltak til framtidige klimaendringar gjeve oss ein sjeldan heilskapleg plan. Planen tek klimautfordringa breitt og omfattande på alvor. Nasjonalt og internasjonalt har ein i stor grad vore oppteken av å redusera utslappa av klimagassar frå produksjon og transport. Sogn og Fjordane har i tillegg valt å fokusera på utslipp knytte til forbruk.

Planen speglar at Distrikts-Norge har andre utfordringar enn bynære strøk. Dei største utslappa kjem frå nokre få, store produksjonsanlegg. Spreidd busetnad og store avstandar gjer transportsektoren til eit viktig tiltaksområde.

Dei færreste tenkjer over kva utslippsmengder som er knytte til kjøp av forbruksvarer. Sidan varene ofte vert produserte i utlandet, tel ikkje utslappa av klimagassar frå produksjonen med i den nasjonale rekneskapa. Ved å sjå på klimautslipp i tilknytning til forbruk får vi eit betre grunnlag for å samanlikna utslippmengdene frå innbyggjarane i byane og folk i distrikta. På forbrukssida bør styresmaktene innføra tiltak som kan stimulera enkeltpersonar til å leva klimavenleg. Samstundes kan kvar og ein av oss yta eit positivt bidrag til klima og miljø ved å velja lokalproduserte varer og økologisk mat.

Forskarane er samde om at klimaendringane vil koma. Kor sårbar vi vert for framtidige endringar, vil avhenga av kva tilpassingstiltak som vert gjennomførte. På dette området overlappar planen tiltak som i andre samanhengar typisk ville ha vore oppgåver innan beredskapsarbeid. Planen legg opp til ei omfattande kunnskapsutvikling i kommunane når det gjeld klimatilpassing.

ABC
Startsida
- Ver nynorsk på nett

Din
naturlege
start på
internett

startsida.no

Språkleg krafttak

– Kartleggingar viser at ein av tre nordmenn har problem med å fylle ut offentlege skjema. Det trengs eit krafttak for å få eit betre språk i det offentlege, seier fornyings- og administrasjonsminister Heidi Grande Røys (SV).

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no



Fornyings- og administrasjonsminister Heidi Grande Røys (SV) vil at staten skal føre eit enklare språk. (Foto: Sara Johannessen)

Prosjektet Klart språk i staten er eit samarbeid mellom Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) og Språkrådet. Blant anna har prosjektet lansert ein eigen nettstad: klarspråk.no. På denne nettstaden er det gode tips, ein quiz, dømme på både godt og dårleg språk og ein blogg kor alle kan delta. Her finn ein også dømme på "før- og nåbrev" frå Statens Pensjonskasse sitt eige lokale språkprosjekt. Prosjektet Klart språk i staten har også delt ut midlar til lokale språkprosjekt i fleire statlege etatar. Det vert arrangert kurs i godt språk, og i år vart Statens klarspråkpris delt ut for første gong.

– Tenestemennene og ikkje minst leiarane i staten må bli mykje meir medvitne om kvifor det er viktig med eit godt og klart språk. I tillegg må etatane arbeide med språket sitt kvar dag og ikkje berre som skipptak, seier Grande Røys om målsetjinga i prosjektet.

– EIN AV TRE HAR PROBLEM
Statsråden viser til at mange har problem med å handtere språket som kjem frå offentleg forvaltning. – Den undersøkinga eg viste til over, viste at ein av tre nordmenn har problem med å fylle ut offentlege skjema. Det er over ein million vaksne nordmenn. Mange av desse tar kontakt med det offentlege for å få hjelp til å fylle ut skjema. Mange har òg vanskar med å forstå brev og vegvisarar. Dei største problema er at mange kan få problem med å ta vare på dei demokratiske rettane sine, seier ho og legg vekt på at den einskilde borgaren har rett til å forstå offentleg informasjon. I tillegg meiner ho det

er bortkasta ressursar når mange kjem attende til forvaltninga for å få hjelp til å forstå informasjonen.

NY KOMMUNIKASJONSPOLITIKK

Heidi Grande Røys viser også til at prosjektet er ein del av arbeidet med å lage ny kommunikasjonspolitikk for staten, der både betre språk og brukarorientering vil stå sentralt. – Språk og kommunikasjon blir viktigare og viktigare, både for

offentleg sektor, næringslivet og organisasjonslivet, meiner ho. – Mange offentlege instansar slit med å ha eit godt nok nynorsk tilbod, vil nynorsk ha ei rolle i denne satsinga? – Ja, nynorsk og bokmål er jamstelte i dette arbeidet. DIFI har til dømes kurs i nynorsk, nettstaden inneheld også fleire tekstar på nynorsk.

Klarspråkprisen til Lånekassen

Lånekassen er tildelt Statens klarspråkpris for 2009. Prisen er ei påskjøning for arbeidet med godt og klart språk i statsforvaltninga og vart delt ut av fornyingsminister Heidi Grande Røys.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Statsorganet har heilt sidan år 2000 arbeidd breitt og systematisk med å betre språket i alt frå brev, brosjyrar og skjema til nettkommunikasjon – på både bokmål og nynorsk, heiter det blant anna i grunngevinga.

– Det var fleire gode kandidatar, men Lånekassen peika seg ut. Det er ein etat som arbeider på et fagfelt som er prega av økonomiske og juridiske faguttrykk, og dei har lukkast i å gjere dette forståeleg for brukarane. Juryen var mellom anna imponert over den måten dei hadde trekt inn ulike brukargrupper i sitt klarspraksarbeid på, seier Grande Røys og legg vekt på at Lånekassen sitt motto om at kundane skal vere nøgde i første forsøk, er ein god leveregel.

Prisen er ein del av prosjektet Klart språk i staten, som er eit samarbeid mellom Fornyings- og administrasjonsdepartementet, Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) og Språkrådet. Det er første gongen prisen vert delt ut.

Kartlegg nynorsk i NRK

NRK kartleggjer no kor mange nynorsbrukande journalistar dei har. Målet er å auke nynorskprosenten.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Me må erkjenne at me har eit arbeid å gjere før me når målet om 25 prosent nynorsk i NRK, seier kringkastingsjef Hans-Tore Bjerkaas til LNK-avisa. Han legg vekt på at prosentkravet er krevjande, men at det bør vere mogleg å nå. – Veit du om det er spesielle avdelingar som treng eit løft? – Det trur eg, men eg vågar ikkje å konkretisere det. Men det er også noko me håpar å finne ut med denne kartlegginga, slår Bjerkaas fast.



Kringkastingsjef Hans-Tore Bjerkaas vil kartlegge nynorsk i NRK. (Foto: Anne Liv Ekvoll/NRK)

MÅ TA GREP

– Like lenge har me svart at me arbeider med sakene og skal nå målet. Trass i dette gjekk nynorskbruken i fjor ned i alle radio- og fjernsynskanalane, bortsett frå NRK 2. Me står i fare for å miste truverd og må nå ta grep som gjer at me oppfyller krava i vedtektene våre, skriv han.

KRITIKK FRÅ MEDIETILSYNET
– Difor vil no NRK skaffe ei oversikt over kor mange nynorsbrukande journalistar dei har. Deretter er det i følgje Bjerkaas viktig å

Kartlegginga er meint å vere eit ledd i arbeidet med å få opp nynorskprosenten i NRK. Spørjeskjemaet gjekk ut 13. august og vart sendt til 2000 personar. Les resultatet av kartlegginga på lnk.no.

Val 2009



Ordførar Bjørn Inge Ruset (Ap) i Norddal kommune vil gjerne gi 16-åringar røysterett ved lokalvalet i 2011. (Foto: Storfjordnytt)

Ynskjer røysterett for 16 – åringar

Ein av fire kommunar ynskjer no å bli med på forsøk med røysterett for 16 – og 17 – åringar ved lokalvalet i 2011. Blant desse er Norddal kommune.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Norddal kommune i Møre og Romsdal er ein av totalt 127 kommunar som har søkt Kommunal- og regionaldepartementet om å få delta i forsøket med å gi 16- og 17-åringar røysterett ved lokalvalet i 2011. Ordførar Bjørn Inge Ruset (Ap) meiner det er viktig å høyre på dei unge.

– I vår kommune reiser ungdommane ut når dei byrjar på vidaregåande. Me som er politikarar får difor ikkje dei naudsynte korrektiva frå den aldersgruppa. Det treng me. Difor kan det vere nyttig å gi 16-åringane røysterett, slår han fast.

SKAPE INTERESSE

Han meiner ungdommane viser engasjement og kjem med relevante og gode saker som politikarane må høyre på. – Dei er altså ikkje for unge til å røyste når dei er 16 år?

– Eg trur det er like mykje godt og dårleg med alle veljarar, både dei på 16, 30 og 80 år, meiner Ruset.

Senter for skriveopplæring

– Ei av skulen sine viktigaste oppgåver er å hjelpe alle elevar til å bli gode språkbrukarar, sa kunnskapsminister Bård Vegar Solhjell (SV) under opninga av Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning i Trondheim.

Det nye senteret er lokalisert saman med Høgskulen i Sør-Trøndelag,

Røysterett for 16- og 17-åringar ville ikkje berre auke engasjementet og valdeltakinga blant dei unge, trur han. Det ville også i følgje Ruset skape ei interesse for heimkommunen som igjen kanskje kan føre til at fleire flytter attende til Norddal.

– Men aller mest treng me å høyre om kva saker ungdommane meiner er viktige. Eg tok denne saka opp med ungdomsrådet, og dei ville også ha røysterett for 16-åringar, seier Bjørn Inge Ruset.

VIL HA VARIASJON

Kommunal- og regionalminister Magnhild Meltveit Kleppa er godt nøgd med talet på kommunar som har søkt.

– Det er overveldande. Eg er veldig glad for at så mange kommunar er opptekne av at ungdom skal få engasjere seg i politikk, seier ho i ei pressemelding. I løpet av hausten vil departementet bestemme kva for nokre kommunar som får vere med i forsøket. Då vil det til dømes bli lagt vekt på geografisk spreing, å få med både små og store kommunar, samt variasjon i den politiske samansetninga. Det vil også bli lagt vekt på om kommunen har ein medviten politikk for å få ungdom engasjert i politisk arbeid eller i kommunale prosessar.

men er og knytt til Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU). Skrivecenteret skal ha ei pådrivarrolle i arbeidet med å styrke skrivekompetansen hjå lærarar og elevar. Det vil ha som eit hovudmål å setje skiving i alle fag på dagsorden, seier kunnskapsministeren.

Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning er eitt av i alt åtte nasjonale kunnskapscenter.



- Førde
- Gaular
- Balestrand
- Vik
- Voss
- Granvin
- Ulvik
- Eidfjord
- Ullensvang
- Odda
- Sauda
- Suldal
- Hjelmeland
- Strand
- Forsand
- Sandnes



ROGALAND
FYLKESKOMMUNE



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkeskommunane og kommunane langs Rv13 arbeidar for at vegen skal bli ein moderne og tenleg transportkorridor for innbyggjarane, næringslivet og reisande. At vegen i samband med revisjon av Nasjonal Transportplan 2010-2019 fekk status som stamveg frå Rogaland til Sogn og Fjordane syner at arbeidet har vore til nytte.

Dei norske fjordane er kåra til det beste reisemålet i heile verda. Fjordvegen - Rv13 - slyngar seg gjennom eit fantastisk fjordlandskap, frå Førde i nord til Sandnes i sør, gjennom levande bygder, pulserande tettstadsmiljø og fjellovergangar som vil imponera dei fleste.

Av 18 vegstrekningar i Noreg, får tre vegstrekningar på Rv13 – Gaularfjellet, Hardanger og Ryfylke – status som Nasjonal Turistveg.

www.fjordvegen.no

Rv13 – Fjordvegen – Den indre stamvegen på Vestlandet

Val 2009

– Twitter engasjerer lite

– Eg trur ikkje sosiale medium som Twitter eller Facebook engasjerer veljarane i særleg grad, seier professor ved Universitetet i Oslo, Kjell Lars Berge.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no



Kunnskapsminister Bård Vegard Solhjell (SV) blir av mange trekt fram som ein av dei beste på sosiale medium. (Foto: Astrid Eidhammer Hjeltneland)

– SOLHJELL ER GOD

Han trur likevel sosiale medium har ei rolle i informasjonsstraumen. – Det er ingen tvil om at informasjonsstraumen akselererer med bruken av desse media. Eit godt døme var når Erna Solberg gjekk ut i ein paneldebatt på NRK og sa at 1 av 5 elvar seg på Twitter, Facebook, YouTube og Flickr, samstundes som einkvar politikar med respekt for seg sjølv har eigen blogg. Valkampen er flytta over til sosiale medium. Eller er den det? – Nei, det trur eg ikkje. Det er framleis TV som er den store arenaen for politisk valkamp. Det er vårt einaste samlingspunkt, torget i vår tid. TV er vår nasjonale arena for politisk debatt. Det er berre NRK og TV 2 som gjeld, slik er det berre, slår Berge fast.

– Dersom du skulle trekke fram nokon du meiner er gode på dette i norsk politikk, kven tenkjer du på då? – Eg har ikkje fått med meg så mange på desse nettsidene. Men kunnskapsminister Bård Vegard Solhjell (SV) er god. Det trur eg har mykje med hans eiga interesse for media å gjere. For han er dette heilt naturleg. Solhjell skriv blant anna ein aktiv politisk blogg og er til stades på nettsamfunnet Twitter. I skrivande stund er det 4089 personar som fylger profilen hans på Twitter. I ein kronikk tidlegare i år skriv Solhjell dette om bruken av sosiale medium: Sosiale medium gjer det ikkje minst enklare å samtale, å treffe mange menneske og å utsetje seg for spørsmål frå dei. Facebook og Twitter er først og fremst stader der det vert lettare for oss å treffe kvarandre. Gjennom desse og andre sosiale medium kan det også bli lettare å nå ein politikar. Eller eit parti. Eller eit departement. Sosiale

dynamikk i dette, slår Berge fast. Men noko middel for å vinne valkampen trur han ikkje det er. Heller ikkje for å kapre dei yngste veljarane. Derimot trur han sosiale medium kan brukast til nettverksbygging inne i miljøa.

– Dersom du skulle trekke fram nokon du meiner er gode på dette i norsk politikk, kven tenkjer du på då?

– Eg har ikkje fått med meg så mange på desse nettsidene. Men kunnskapsminister Bård Vegard Solhjell (SV) er god. Det trur eg har mykje med hans eiga interesse for media å gjere. For han er dette heilt naturleg. Solhjell skriv blant anna ein aktiv politisk blogg og er til stades på nettsamfunnet Twitter. I skrivande stund er det 4089 personar som fylger profilen hans på Twitter. I ein kronikk tidlegare i år skriv Solhjell dette om bruken av sosiale medium: Sosiale medium gjer det ikkje minst enklare å samtale, å treffe mange menneske og å utsetje seg for spørsmål frå dei. Facebook og Twitter er først og fremst stader der det vert lettare for oss å treffe kvarandre. Gjennom desse og andre sosiale medium kan det også bli lettare å nå ein politikar. Eller eit parti. Eller eit departement. Sosiale

medium gjer oss meir sosiale. Dei er ikkje skapt for politikk, men dei kan brukast for å demokratisere politikken.

MYKJE ROMANTIKK

Berge er ikkje like sikker på at dette er ein god måte å drive valkamp på.

– Eg mistenkjer at Arbeidarpartiet sin strategi med å banke på døer og dele ut roser i valkampen fungerer like godt som å twitre på nettet, meiner han.

– Meiner du at debatten om at valkampen no er flytta over på sosiale medium, er oppbåsa?

– Ja, det er mykje romantikk i dette. Desse arenaene fungerer best som utveksling av rask informasjon og til nettverksbygging. Ikkje til å vinne valet med. Berge viser også til at bruken av sosiale medium fungerer mykje betre i USA, der eit politisk val langt på veg er eit personval.

– Her heime står derimot partiet mellom veljarane og dei politiske kandidatane. Då vert det ikkje så aktuelt å bruke slike kanalar, meiner han.

– Ingen store retorikarar

Ingen norske politikarar kan måle seg med dei amerikanske når det gjeld retorikk. Den beste av dei norske er truleg Jonas Gahr Støre (Ap), meiner politisk redaktør i Aftenposten, Harald Stanghelle.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Stanghelle budde sjølv i USA i heile fjor haust og opplevde det amerikanske presidentvalet på sitt allert beste, meiner Stanghelle og viser til at det i norsk politikk derimot er langt mellom dei store retorikarane. – Men ein skal også minnst at land som USA har retorikk som eige skulefag og dermed eit heilt anna fokus på det. Det finst likevel retorikk på det jamne også i USA. Til dømes er demokratane sin senatsleiar, Harry Reid, ein retorisk tørrpinn.

– Men det skal vere sagt at det så langt i denne valkampen har vore innanfor det ein må tale i ein debatt, held han fram. – Kva kjenneteiknar ein god retorikar? – Me har nokre politikarar som til tider er gode på å ytre seg i korte setningar og kjøppe replikkar. Lars Sponheim (V), Kristin Halvorsen (SV) og Siv Jensen (FrP) er nokre av dei. Statsminister Jens Stoltenberg (Ap) kan også glimte til. – Men den politikaren som truleg liknar mest på dei utanlandske, er Jonas Gahr Støre (Ap). Nesten kvar setning han uttaler, kan setjast rett ned på eit papir; han bruker nesten alltid heilskapte setningar, seier Stanghelle.

ETTERLYSER EKTE SPRÅK

Stanghelle meiner språk er viktig som retorisk verkemiddel, men han trur ikkje det er avgjerande om

ein bruker nynorsk, bokmål eller dialekt.

– Men eg meiner det er viktig å føre eit språk som er ekte. Lars Sponheim (V) til dømes er både replikksterk og god, men han knotar noko heilt forferdeleg. Liv Signe Navarsete (Sp) bruker derimot ein flott nynorsk, som er sterkt prega av dialekt, seier Stanghelle. Språket er altså viktig i retorikken, blant anna kva ord ein bruker.

– Ordvalet er viktig. Ikkje minst fordi ord og vendingar ofte er knytte til det enskildte partiet sine kjerneverdier, som når KrF snakkar om nestekjærleik, Arbeidarpartiet om fellesskap og Høgre om valfridom.

– Kva med kunsten å vedgå feil, er det viktig for ein politikar?

– Det kan vere viktig, men det ligg ingen automatikk i dette. Å vedgå feil kan signalisere ærlegdom, men å erkjenne feil gong på gong signaliserer ein politikar med dårleg dømmekraft, meiner Stanghelle.

– Kva inntrykk har du av dei norske politikarane i sosiale medium som Facebook og Twitter?

– Av og til ser det ut som om mange av dei har pressa seg ut i noko dei ikkje taklar. Det ser ofte litt famlante og hjelpelaust ut. Mange føler nok at dei må vere til stades i desse kanalane, meiner han.

Retorikk

Retorikk er læra om talekunst. I moderne tid er retorikken ofte blitt definert som læra om å overtale nokon. Retorikk er ein av de tre originale kunstene i vestlig kultur. Retorikk kan også bli brukt nedlatende i nokre samanhengar, når ein til dømes vil avvise eit verbalt resonnement.

Les meir: politiskretorikk.no
Kjelde: Wikipedia

Din naturlige start
på internett
www.startsida.no

Etterlyser unge stemmer

LLA håpar at lokalavisene skal stimulere til meir politisk engasjement blant ungdommen fram mot lokalvalet i 2011. Men først er det stortingsval.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no



Geir K. Hus i LLA håpar prosjektet Ung og engasjert skal stimulere til meir samfunnsengasjement blant dei yngste lesarane. (Foto: Vidar Alfarnes)

Prosjektet Ung og engasjert vil at barn og unge skal bruke det frie ordet i lokalavisa, samstundes som dei brukar nye medium som til dømes nettsider. – Me ser at ungdommen absolutt er til stades i andre medium enn den tradisjonelle papiravisa, ofte i tv- eller nettbaserte medium. Bakgrunnen for dette prosjektet er at me ynskjer å vere eit leiande medium, også for dei unge, seier prosjektleiaren Geir K. Hus. Prosjektet har sett ned konkrete mål om å få fleire barn og unge i lesar- og debattspaltene i lokalavisene, få fleire unge som kjelder i lokalavisa sine saker og få fleire artiklar om dei nye generasjonane sin plass i lokalsamfunnet. I tillegg er det eit mål å gjere fleire unge politisk engasjerte, slik at fleire bruker stemmeretten sin, vert sette på nominasjonslistene og kan verte valde inn i kommunestyra. Prosjektet starta opp i januar 2009 og vil gå fram til desember 2011.

IDÉBANK TIL AVISENE

–Kva resultat håpar du å oppnå med prosjektet?

– Det får til dels tida vise. Det er lokalavisene som skal spa opp dei gode ideane og tenkje dei spanande tankane. Me skal motivere og setje temaet på dagsorden, seier Hus og viser til at LLA nyleg har lansert ein idébank der avisene kan hente inspirasjon. Han skal fyllast opp med praktiske idear, erfaringar og forslag til nye saker. Han blir også viktig for lokalavisene si deking av stortingsvalet denne hausten.

SITATET:

– Vi synest det er lite fornøftig å sitje inne med stort lager av materiell på begge målformer, sidan alle som bur i landet vårt, fint klarer å lese begge delar.

Generalsekretær Geir A. Mo i Framstegspartiet til avisa Sunnhordland om kvifor FrP berre har partiprogram på bokmål.

– Lokalavisene har også ei rolle i å synleggjere at rikspolitikken verkar inn på folk sin kvardag i den enkelte kommunen. Inntrykket vårt er at lokalavisene arbeider meir med stortingsvalet i år enn dei gjorde for fire år sidan. Stortingsvalet er den første etappen i prosjektet, meiner Geir K. Hus, som også er marknads- og informasjonssjef i LLA.

Håpet for lokalvalet i 2011 er at lokalavisene skal gjere kommunepolitikken meir spanande, og at dei klarer å vise ungdommen at dette også er noko som vedgår dei. – Når det gjeld lokale saker, står lokalavisa sterkt. Men ho vil konkurrere med Facebook, Netby og andre sosiale medium som ungdommen bruker, slår Hus fast.

UTFORDRA PÅ NETT

Han viser også til at seks studentar på bachelorstudiet i journalistikk ved Universitetet i Stavanger la fram sin versjon av Drømmelokalavisa under LLA sitt landsting i Haugesund. No

er det opp til avisene sjølve å utvikle Drømmelokalavisa vidare. Målet med Drømmelokalavisa er å inspirere og bevisstgjere avisbransjen til å tenkje meir over korleis avisproduktet bør bli for at dagens ungdom skal bli morgondagens avislesarar. – Eg har store forventningar til Drømmelokalavisa, lokalavisene vert blant anna utfordra på korleis dei vil utvikle dei nettbaserte løysingane og nettavisene sine, seier Geir K. Hus.

Tv-mediet vann valet

Ei karlegging Synovate har laga for NRK, viser at 95 prosent av dei spurde fylgjer med på valkampen. 80 prosent av dei spurde seier at dei finn den mest relevante informasjonen om valet på tv. 69 prosent har mest tillit til valsendingane på NRK, medan 48 prosent vel TV2. Når det gjeld riksavisene, er VG og Aftenposten dei store vinnarane. Likevel vil heile 26 prosent av dei spurde helst lese valkampesaker i lokalavisa si. På radio er det NRK P1 som er vinnaren, med 44 prosent. Tre prosent svarer derimot at dei finn den mest relevante informasjonen på sosiale kanalar som Facebook.

1. Bruker du nettkanalar som til dømes Facebook og Twitter i valkampen din?

2. Kva meiner du om politisk tv-reklame?

3. Kva er din viktigaste arena for å drive valkamp gjennom media? Lokalavisa, tv, radio, nettaviser eller andre?

Marta Finden Halset (Ap)
Ordfører i Vik kommune



(Foto: Ap)

1. Nei. Frykta for å ikkje vere "moderne nok" plagar sikkert mange, men eg trur likevel dette ikkje er viktig for dei fleste av veljarane.

2. Eg trur ikkje politikken til dei enkelte partia kjem godt nok fram. Det kan vere andre faktorar som då tek merksemda.

3. Både lokalaviser, tv- og radiobattar og nettaviser er velegna for valkamp.

Bent Høie (H)

Stortingsrepresentant



(Foto: Høgre)

1. Ja, for å ha direkte kontakt med veljarane.

2. Eg er for politisk tv-reklame. Det er ein del av yttringsfridomen.

3. Lokalavisa

Erling Sande (Sp)
Stortingsrepresentant



(Foto: Senterpartiet)

1. Ja, brukar både Facebook, Origo og Twitter, sjølv om det kan gå ei stund mellom kvar gong eg til dømes kvitrar. Fordi eg når folk med politiske meiningar – og fordi ein kan få tilbakemeldingar og debatt kring dei.

2. Eg er imot politisk tv-reklame. Eg meiner det er ein dårleg idé fordi det ikkje blir debatt, men vert vert ein ein-sided politisk budskap der motparten ikkje har høve til å svare, eller presentere alternative løysingar. Kostnaden ved reklamen er også så stor at eg trur det vil vere dei med størst "lommebok" som kan nytte seg av det.

3. Gjennom nettmedia, avis og radio.

Ketil Solvik-Olsen (FrP)
Stortingsrepresentant



(Foto: FrP)

1. Ja, både Facebook og Twitter. Det er ein enkel måte å kommunisere ut ein budskap, der ein sjølv i større grad kan sikre at journalisten ikkje vrir budskapet til det ugjenkjennelege. Samstundes kan nettsida brukast som eit oppslagsverk for dei som ynskjer å sjå heilskapen i det arbeidet eg gjer.

2. Heilt greit for meg. Politisk tv – reklame er ikkje verre enn anna politisk reklame.

3. Tv er den ønskelege arenaen, lokalaviser den mest brukte.

Dagrun Erikson (KrF)
Stortingsrepresentant



(Foto: KrF)

1. Eg brukar ikkje desse kanalane i denne valkampen. Det handlar mest om kva eg får tid til. Skriv blogg og prøver å treffe flest moglege menneske andlet til andlet.

2. Eg ynskjer å oppretthalda forbodet mot politisk tv-reklame. Tv er eit særleg sterkt medium, med stor påverknadsraft, og me bør difor oppretthalde eit skilje mellom tv og andre medium når det gjeld politisk reklame. Eg ynskjer ikkje ei utvikling der pengar og sterke kommersielle interesser styrer det politiske innhaldet på tv. Det vil blant anna gå utover mindre aktørar.

3. Har nok ikkje ein arena som er viktigast, men satsar på heile det breie spekteret av lokal- og riksmidia. Det er viktig å jobbe hardt for å komme på og nå ut med politikken.

Vi har stilt partileiarane eit knippe spørsmål om språk.

1) Kva vil partiet ditt gjøre med nynorsken?

2) Kva er partiet ditt si haldning til sidemål?

3) Vil partiet ditt styrkje nynorskopplæringa for innvandrara?

4) Kva meiner partiet ditt må gjerast for at skulebøker skal ligge føre på både målformer til same tid og til same pris?

5) Finst programmet til partiet ditt på nynorsk?

6) Har partiet ditt valmateriell på nynorsk?

7) Er nettsida dykkar på nynorsk?

Lars Sponheim (V)



Foto: Venstre

1) Venstre var del av fleirtalet som stod bak formuleringane om nynorsk i språkmeldinga. Me hadde og særmerknader, mellom anna med å understreka at minst 25 % av verbalinnsaga i NRK skal vera på nynorsk.

2) Venstre hegna om sidemålundervisninga og er ein garanti for at ho framleis skal vere ein viktig del av norskundervisninga.

3) Indirekte, ja. Norskopplæringa for innvandrara må styrkjast. Ho er nøkkelen til god integrering. I nynorsk kommunar føregår opplæringa på nynorsk, i bokmålskommunar på bokmål.

4) Venstre meiner det er sjølvsgagt at skulebøker skal ligge føre på både målformer til same tid og pris.

5) Programmet vil ligge føre på både målformer i løpet av om lag ei veke frå i dag (25.08.09).

6) Ja, hovudbrosjyra er tilgjengeleg på både målformer.

7) Nettsida er på bokmål. Me har diverre ikkje tilgjengelege ressursar til å ha alternativ på både målform.

Dagfinn Høybråten (KrF)



Foto: KrF

1) KrF har alltid vore oppteken av nynorsk, og vi vil halde fram med å kjempe for at vi skal ha to likeverdige målformer i landet vårt.

Sjøl om bokmål og nynorsk formelt sett er likeverdige målformer, veit vi at nynorsk i praksis har mykje vanskelegare kår enn bokmål. Vi meiner det offentlege har eit

stort ansvar for å sikre at nynorsk kan utvikle seg godt. Det er spesielt viktig at barn og unge får høyre og bruke begge målformene.

Vi må sørge for, både praktisk og økonomisk, at nynorsk kan styrkje posisjonen som eit levande brukspråk og hos nye generasjonar. Aktiv bruk av nynorsk i det offentlege er viktig for utvikling av eigen identitet og sjølvtilit i høve til eige språk. Barn som snakkar nynorsk, må få møte sitt eige språk fleire stader enn i skulebøkene, til dømes i barne- og ungdomsbøker, og i leittare underholdningsstoff som teikneseriar og annan populærkultur.

NRK, som statsfinansiert kringkastar, har eit viktig ansvar for å styrkje det norske språket. KrF er oppteken av at begge dei offisielle målformene skal brukast. Vi meiner barn må få høyre begge målformene i program som er retta inn mot barn og unge. I dag er det slik at minst 25 pst. av verbalinnsaga til NRK skal vere på nynorsk. KrF meiner dette og må gjelde for barne- og ungdomsprogram, og vi har fremja forslag om dette, men blei dessverre nedstemde. Startaget har og handsama ei språkmelding. Også her var vi svært opptekne av nynorsken. Vi gjorde blant anna framlegg om at det skulle brukast meir nynorsk i dei riksdekkande avisene. Det er uheldig at nokre norske aviser nekta journalistane sine å skrive nynorsk. Ordninga med momsfrisk for aviser har saman med pressestøtta nettopp til føremål å sikre ytringsfridom og mediemangfold. Dei nasjonale mediehusa bør derfor tillate papir- og nettjournalistane å skrive nynorsk - ja, i det heile tatt arbeide for ein høgare nynorskdel.

2) Vi er for sidemålundervisning i skulen.

3) Vi er opptekne av at innvandrara får god norskundervisning. I kommunar der nynorsk er hovudmålet, bør det vere læremiddel på nynorsk.

4) Staten må gje klår beskjed om at det ikkje er akseptabelt at bøkene kjem for seint eller har ulik pris. Vi må sette klare og tydelege krav.

5) Ja. Vi har to likeverdige målformer i landet vårt.

6) Ja.

7) Ja, det blir publisert stoff både på bokmål og nynorsk på nettsida.

Torstein Dahle, (R)

1) Bokmål og nynorsk er formelt likestilte språk i Noreg, men likevel er det vanskelegare å vere nynorskbrukar enn å vere bokmålsbrukar. Om bokmål og nynorsk skal bli likestilte i praksis, trengst det aktive tiltak for å styrkje nynorsken sin plass i samfunnet. Det trengst både krav om at rettar som allereie finst, skal handhevast, og nye rettar. Raudt meiner at media spelar ei særleg viktig rolle i kampen for reell språkleg likestilling og vil stimulere til meir nynorsk i alle medium. Me vil difor ha meir nynorsk i NRK og statsforvaltninga, auka støtte til Nynorsk mediesenter og opprette eit fond som skal fremme



Foto: Ingar Haug Steinbolt

nynorsk i journalistikken. Raudt vil sikre gode rammevilkår for alle institusjonar som fremmar norsk skriftmål og arbeide for at målbrukslova vert handheva

2) Raudt meiner nynorskopplæringa i skolen og sidemålundervisninga er avgjerande for å sikre nynorsk som likestilte riksmål, og vi står kravet om betre, ikkje mindre, sidemålundervisning. Raudt vil oppretthalde obligatorisk undervisning i sidemål og styrkje denne gjennom positive sidemålsforsøk. Me vil også at lærarar skal gi elevane tryggleik om talemålet sitt gjennom medvitne haldningar til sin eigen og andre sine dialektar og oppmuntre til å bruke desse. For å få dette til meiner me at sidemålspedagogikk og haldningar til nynorsk må verte ein del av lærarutdanninga.

3) I dag er det eit problem at mange innvandrara i nynorsk kommunar ikkje får opplæring på den målforma som er hovudmålform i kommunen dei bur i. Dette er eit problem for integreringa og deltakinga deira i lokalsamfunnet. Raudt vil difor at alle framandspråklege i nynorsk kommunar skal få norskopplæring på nynorsk. Me vil også at retten til morsmålundervisning må innførast att der han er fjerna. Å kunne sitt eige morsmål godt, både skriftleg og munnleg, er den beste måten å lære seg nye språk på, og me treng difor å styrkje både morsmålundervisninga og norskopplæringa.

4) Raudt meiner at Utdanningsdepartementet har eit ansvar for å sørge for å oppfylle dei same språklege reittane for nynorskelevane som for bokmåselevane. For 2009 har regjeringa løyvd 6 millionar kroner til produksjon av nynorske læremiddel. Dette er eit steg på vegen, men målet er ikkje nådd før alle elevane har skulebøkene i handa. I tillegg til at regjeringa må løyve meir pengar, må dei stille krav til forlaga om å følgje lova og følgje opp med straffetiltak. Raudt meiner at ordbøker og dataprogram som vert nytta i skulen, skal kome inn under retten til parallellutgåve.

5) Arbeidsprogrammet vårt finst på nynorsk og bokmål, både på nett og i trykt form. Me har prioritert det fordi arbeidsprogrammet er den mest brukte og mest omfattande presentasjonen av politikken vår.

6) Valmateriellet vårt blir i stor grad laga av lokallaga, så der er det skilnad ut frå om det er bokmåls- eller nynorskbrukarar som lagar materiellet. Men me har dessverre ikkje noko sentralt valmateriell på nynorsk bortsett frå arbeidsprogrammet.

7) Brukarsnittet på deler av nettsida vår er både på bokmål og nynorsk. Og me har nettadresse både på bokmål og nynorsk. På nettsidene våre er det mange forskjellige som skriv, og målforma på nyhendesakene er påverka av dette. Fleirtalet skriv bokmål, men det kjem og nyhendesaker på nynorsk. Men me har ikkje kapasitet til å omsetje tekst frå bokmål til nynorsk eller omvendt.

Jens Stoltenberg (Ap)

1) Arbeidspartiet vil ta vare på nynorsk som ei sjølvstendig målform og eit sjølvstendig skriftspråk. Staten må ta ansvar for å leggje til rette for



Foto: Bjørn SigurdsonSMK

meir likeverdige vilkår, slik at begge målformene skal verta sikra vekst og utvikling.

2) Arbeidspartiet meiner det er ein verdi at me har to norske skriftspråk med kvart sitt historiske og språklege opphav og kvar sin skriftkultur.

3) Arbeidspartiet vil sikre at innvandrara vert fortrulege med den norske språkdelte kulturen. Nynorsk skal ikkje ekskluderas som alternativ når språklege minoritetar skal få informasjon eller undervisning på norsk. Dette er viktig for den einskilde.

4) Opplæringslova § 9-4 seier at skulane berre kan nytta læremidlar som føreligg både på bokmål og nynorsk til same tid. Arbeidspartiet vil styrkje kontrollen med at regelverket vert fylgt. Kravet til parallellutgåver må og gjelde digitale læremiddel.

5) Ja. Arbeidspartiet sitt program finst både på nynorsk og bokmål. Me har to skriftspråk i Noreg, og alle skal sjølve kunne velje si målform.

6) Ja, jamfør svar på spørsmål 5.

7) Arbeidspartiet nyttar begge målform på nettsida si, jamfør svar på spørsmål 5.

Siv Jensen (Frp)



Foto: Bård Gudim

1) Framstegpartiet vil at dei to målformene skal få utvikle seg fritt, og at ingen skal tvingast til bruk av annan målform enn sin eigen. Vi vil også kutte særstøtta til nynorsk, då denne er diskriminerande overfor fleirtalet som ikkje brukar nynorsk.

2) FrP vil fjerne den tvungne sidemålundervisninga og sidemålsksammen og gjere dette om til valfag.

3) FrP er for å styrkje norskopplæringa for innvandrara. Om ein blir busett i nynorsk kommunar, er det ingenting i vegen for at ein lærer seg nynorsk. Det viktigaste er at dei som kjem til landet, lærer seg norsk, uansett målform.

4) Ein må sette strengare krav til at bøkene skal ligge føre på same tid. Situasjonen som har vore dei siste åra, har vore uholdbar og er ei forskjellsbehandling av nynorskbrukarane.

5) Nei, vi har valt å utarbeide partiprogrammet vårt på berre ei målform.

6) I somme fylke har Framstegspartiet valmateriell på nynorsk.

7) Nei, Framstegspartiet har valt å ha nettsider berre på bokmål fordi vi antar at alle norske brukarar av sida forstår denne målforma. I tillegg finst deler av innhaldet på engelsk, tysk, fransk og spansk.

Liv Signe Navarsete (Sp)

1) Senterpartiet vil styrkje nynorsken. Me vil la alle skulelevar møte både nynorsk og bokmål og dei norske minoritetsspråka tidleg i barneskulen.

Me vil innføre stipendordninga for omsetjarar som vel å bruke nynorsk som målform, gje stønad til utvikling av nynorsk digitalt leksikon/kunnskapsbase, arbeide for auka bruk av nynorsk i riksdekkjande medium, handheve konsekvenskrava til allmennkringkastarane strengare på dei språklege områda og gje stønad til teksting av DVD-filmar på nynorsk og samisk.

2) Senterpartiet meiner opplæringa i norsk skal ta sikte på å utvikle elevane sine praktiske ferdigheiter i både målformer. Me vil derfor framleis ha opplæring, karakterar og eksamen i sidemål. Opplæringa kan betrast ved å ta sidemålet i bruk og i andre fag enn norsk. Sidemålet skal og kome tidligare inn i undervisninga enn i dag.

3) Ja, nynorskopplæring er ein viktig del av språkopplæringa for innvandrara.

4) Dette ligg som ein føresetnad allereie i dag. Me legg til grunn at skuleeigar, forlag og distributørar tek det ansvaret som kviler på dei i høve å få fram læremiddel til same tid og same pris. Ved brot på dette må me eventuelt vurdere sanksjonar.

5) Senterpartiet har eine halvdel av programmet vårt på nynorsk og den andre halvdel på bokmål. Alle skal kunne beherske begge målformer, og me ser dette som ein praktisk og god måte å presentere programmet vårt på.

6) Ja, Senterpartiet ser det som sjølvsgagt at me skal ha valmateriell på både målformer.

7) Det finst artiklar på både nynorsk og bokmål på våre nettsider. Mellom anna er stort sett alt eg skriv, på nynorsk.

Kristin Halvorsen (SV)



Foto: Rune Kongsro

1) SV vil arbeide for fleire nynorsk-bøker for førskuleborn og styrkje nynorskopplæringa både for hovud- og sidemål. SV vil og, i tråd med mållova, styrkje stillinga nynorsken har i det offentlege. SV sluttar opp om arbeidet med ein norsk språkbank. Tilskotsordninga til norskspråklege lærebøker for høgare utdanning må utvidast kraftig. Nynorskspråklege studentar skal ha rett til å få eksamensoppgåver på nynorsk på alle utdanningsinstitusjonar.

2) Likestilling mellom målformene nynorsk og bokmål er eit viktig prinsipp, som må gjelde for alle område i det moderne medie- og teknologisamfunnet vårt.

3) For å sikre sosial og kulturell integrering av minoritetsspråklege i nynorsk-



Foto: Svein Erik Dabl Samfoto

råde må det bli utvikla fleire og betre læremiddel på nynorsk for desse. SV er det einaste stortingspartiet som har programfesta dette. Eit særleg viktig tiltak for vidare styrking av nynorsk er eit allment leksikon på nynorsk på internet.

4) Læremiddel, både bøker og dataprogram, skal ligge føre på både målformer. Forlaga må bli sanksjonerte dersom nynorske læremiddel kjem seinare enn bokmålsversjonen. I denne perioden har vi gjennomført fleire tiltak, som til dømes å løyve fleire millionar ekstra til parallelproduksjon og å fylgje opp lærebokinnkjøparane mykje tettare enn før.

5) Programmet vårt finst på nynorsk og bokmål både på nett og papir. Det har så vidt eg veit alltid vore slik at vi har laga program på både målformer. Vi gjer det slik fordi bokmål og nynorsk skal vere likestilte.

6) Alt valmateriellet til SV er på både målformer. Av same grunn som over.

7) Nettsidene våre omfattar fleire tusen sider. Vi har sentrale sider, alle fylka har sine sider, og mange lokallag har sider. På dei sentrale sidene til SV er det mest bokmål, men på sidene til Sogn og Fjordane, til dømes, er det meste på nynorsk. I tillegg er det verd å nemne at så mange som ein tredel av fyrstekandidatane våre har nynorsk som sitt hovudmål, og at mange av desse er aktive bloggjarar.

Erna Solberg (H)



Foto: CF-Wesenberg

1) Høgre vil behalde og vidareutvikle både målformene.

2) Kultur og språk er grunnlaget for identitet og tilhøyrslø, men også viktig for å forstå andre menneske sin kultur og religion. Målet er at norske kulturutarvarar skal kunne hevde seg i verds-klassa. Høgre vil føre ein politikk som tar vare på og utviklar norsk språk.

3) Høgre vil utvide talet på norsktimar i introduksjonsprogrammet til 300, og med ytterlegare 300 timar viss ein ikkje består ein språkestest.

4) Opplæringslova slår fast at bøker i både målformer skal vere tilgjengelege for elevane, slik at dei lærer både språka. Regjeringa har eit klart ansvar for å sjå til at dette blir etterlevd i praksis, og må eventuelt følgje opp med tiltak dersom dette ikkje skjer.

5) Programmet finst både på bokmål og nynorsk samt på lydfiler.

6) Vi har noko på nynorsk – ikkje minst sjølve programmet.

7) Nettsidene er i hovudsak på bokmål, men somme av fylka/lokallaga har dei på nynorsk. Det er dei einskilde fylkeslaga/lokallaga som avgjer kva for målform dei ønskjer å bruke.

Mange mål å nå...



Måla er mange i den kommunale kvardagen.

Nokon er lette å nå – andre vanskelege.

Ny skule, betre vassforsyning, eller eit nytt kulturhus?

Kommunekreditt har i femten år arbeidd for at kommunenoreg skal få meir ut av midlane sine.

Beddingen 8, 7410 Trondheim
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81

e-post: post@kommunekreditt.no www.kommunekreditt.no

Hadde det vore greitt å kunne drita i Pytagoras og heller hatt lappen som pensum på skulen?

Du kan hoppa opp og ned så mykje du orkar. Du kan skrika og banna på festane, hekta av døra på dass og jamvel renna skallen gjennom stoveglaset. Det er ingen som gjer noko nummer av det likevel, ingen som gidd å heva augebryna eingong. Brukar du derimot kreftene dine på å stemma ved dette valet, så har du ein real sjanse til å bli høyrte.

Vis kva som er viktig for deg. Bruk stemmeretten din.

Me veit du har meiningar om korleis du vil ha det der du bur. Me veit det er mange ting du kunne ynskja deg annleis. Og me veit du har mykje å fara med. Gamlingane har fått sagt sitt i årevis. No er det på tide at du kjem på banen. Elles er me stygt redde for at det ikkje blir forandringar på denne sida av jul. Og då kan du like godt halda fram med å hoppa.



Løft for kulturskulen

Regjeringa har lagt fram Kulturløftet 2, og Norsk kulturskuleråd meiner det no kan sjå lyst ut for kulturskulane.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Kulturløftet 1 sette kulturskulesaka på den politiske dagsordenen, og med Kulturløftet 2 opplever vi at regjeringa er blitt enno meir konkrete. Mellom anna seier Kulturløftet 2 at overføring av pengar til kommunane er eit verkemiddel for å nå intensjonen om kulturskuleplass til alle.

Det seier seniorrådgjevar i Norsk kulturskuleråd, Harry Rishaug. Rådet er ein interesseorganisasjon for 407 kulturskular spreidde over heile landet, og har som hovudvisjon at det skal vere kulturskule for alle. Denne visjonen deler dei med den sitjande regjeringa, som i Kulturløftet 2 seier dei vil at alle barn som ønskjer det, skal få eit kulturskuletilbod av god kvalitet til ein rimeleg pris.

TRENG PENGAR

I desse dagar startar kulturskulane opp med nytt skuleår. Ventelistetala for denne sesongen er ikkje klare enno, men tal frå Grunnskulane sitt informasjonssystem (GSI) syner at 24 670 elevar fekk avslag på søknadene sine i 2008, medan 109 150 elevar fekk plass. Tala har vore rimeleg stabile i åra etter at den raudgrøne regjeringa kom til makta.

– Det nye Kulturløftet er eit betydeleg skritt framover for kulturskulane, seier Rishaug.
– Slik eg opplever det, ser regjeringa no nødvendigeheita av å gje kulturskulen eit løft gjennom konkrete tiltak, slik at løfter ikkje berre blir intensjonar og visjonar.

VIL HA ØYREMERKING

Det er pengar det står på, også for kulturskulane. Seniorrådgjevar Rishaug legg ikkje skjul på at Norsk kulturskuleråd ønskjer øyremerkinga av midlar til kulturskulen tilbake. Denne ordninga vart fjerna i 2004.

Kristeleg folkeparti fremma i vår eit forslag i Stortinget om å innføre øyremerka midlar til kulturskulane på nytt, men forslaget har så langt ikkje ført til noko konkret.

– Skal kulturskulane få bukt med ventelistene, er lågare betalingsattsar eitt av dei verkemidla som kan mone mest, seier Rishaug.

– Det må innførast satsar som er så låge og overkommelege at dei fleste kan greie å betale, meiner han.

– Ein nær dialog mellom statleg og kommunalt nivå er òg avgjerande, seier Rishaug.

– Staten må gjere sitt for å sikre rammene og overføringane, samstundes som kommunane får god sjølvråderett over kva tilbod dei vil gje til kulturskulelevane.

DREG OPP RAMMENE

Kulturløftet 1 vart avlagt i 2004, medan kulturlova vart vedteken i 2007. Den gongen kulturlova kom på plass, vart ho, med sine sju korte paragrafar, skulda for å vere ei symbollov;

vag, for generell og for rund i formuleringane. Forsvararane av lova meiner det ikkje ville vore meigeleg å gje folket sterkare juridiske rettar til kulturen, og at lova er meint å gje kulturen same tyngde som andre offentlege instansar har. "Du kan ikkje med kulturlova i hand gå til sak fordi du ikkje likar ei framsyning du har sett," sa kulturministeren då han første gong presenterte kulturlova sommaren 2006.

Føremålet med kulturlova, den første i landet, er å sikre folket eit breitt spekter av kulturverksemder og eit mangfald av kulturuttrykk. Lova pålegg staten, fylkeskommunane og kommunane eit felles ansvar for å syte for at det finst økonomiske og organisatoriske verkemiddel til å setje dette

ut i live. Departementet understrekar at dette er ei rammelov.

PENGEBRUKEN SPIRIKAR

Då kulturminister Trond Giske la lova fram, uttalte han dette:

– Med kulturlova og ein romslegare kommuneøkonomi som utgangspunkt ventar vi no at stadig fleire kommunar og fylkeskommunar vil gje betre økonomiske rammevilkår for kulturlivet.

Kostra-tal syner at norske kommunar i fjor brukte gjennomsnittleg 1563 i per innbyggjar i netto driftsutgifter på kultursektoren. Det gjev ein svak oppgang dei siste åra, men tala syner stor geografisk variasjon.

Medan ein kommune som Bykle brukte heile 18 487 kulturkroner per innbyggjar i fjor, brukte Gaular berre 319.

EIT LØFT

Medan kulturlova berre skisserer dei ytre rammene for innbyggjarane sine rettar til kultur, er Kulturløftet 1 og 2 meir konkrete. Kulturløftet 1 hadde eit mål om at om lag 1 prosent av statsbudsjettet skal øymerkast kultur innan 2014, intensjonar om styrka innkjøpsordningar for norsk litteratur, egne støtteordningar for dans, kulturkort for ungdom og eit ønske om at eitt av fire kinobesøk skal vere til ein norsk film. Svært mykje av Kulturløftet 1 er vidareført i Kulturløftet 2. I det nye kulturløftet er det dessutan kome inn punkt som omtalar styrking av nynorsken og satsing på næringsutvikling og kultureksport.

Mot nye mål

- 11.500* unike brukarar
- 169.000* sidevisingar i veka
- Oppdatert kvar dag
- 24.000** lesarar
- måndag tysdag onsdag
- torsdag fredag
- = større dekning

Sunnhordland

* I snitt pr. veka ** Gallup 1/2007

...situation at for å nye ting, in...
...Dette si...
...komme...
...spisepor...
...Han pekar...
...ske analys...
...tar at press...
...te teneste...
...restering...
...n torer til...
...um, og priv...
...Sveio kom...
...ert mykje. I...
...skuleg å...
...ester eller...
...anfor det ram...
...er til det man...
...en verkj and...
...rapporten...
...i rapporten...
...grunn til un...
...for halda fram...
...t sett i gang...
...nen og følg...
...erlegast til...
...Mellom det...
...y til, er ein total...
...alle teneste...
...på å få fram...
...sial. I dette...
...ta, retta, sa...
...ingar som...
...nøyskapar...
...vil de kart...
...på einp...
...ika oms...
...å sjå til at...
...rdning av led...
...ysing av des...
...ene delegas...
...å gjennom...
...del for til...
...sar til skul...
...beidet med...
...ministrativ...
...pi å frigi...
...da fram...
...Det gir...
...quo at det...
...el sp...
...nippet er...
...resultat...
...nen er kom...
...g, men den...
...t totalt sett...
...krev enno...
...plin...
...Tala for fø...
...ertorbruk på...
...llionar kroner. Ra...
...barnelag...
...ik på 3,1...
...ma opp 13,7...
...t gjort kor...
...område, best...
...er overforbruk...
...og vil kunne...
...som det...
...dringar. På...
...tteinnkom...
...ne har de...
...reskoyla - H...
...i Fjell...
...04, men er...
...no ikkje...
...ss. Komm...
...llon, ann...
...000 kroner...
...saka har...
...mmunen...
...vart vurd...
...met. Eiga...
...vedtaket...
...de difor...
...innen i...
...mån...
...me fekk...
...ne saka...
...klagen...
...sjølv...
...u dette med...
...lokale nyhende fra stord

Det er viktig at born på Vestlandet også får høyre dialekten sin på tv somme gonger.



(Foto: Astrid Eidhammer Hjeltneland)

Kvifor er det slik, Solveig?

I haust undrar Solveig Hareide (26) seg blant anna over kvifor dinosaurane var så store, eller kvifor eit kokt egg ikkje sprett like godt som ein sprettball. Det er ikkje alltid like enkelt å finne svara.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Fotografen er elektrisk i auga. Ho har nettopp sett eit fyrverkeri. Solveig Hareide og Newton har nemleg besøkt barn rundt omkring i landet. Denne gongen var det Haugaland Kraft som inviterte. Og Solveig levte underholdning, stunt og konkurransar. Og det på klingande Florø-dialekt. – For meg er det heilt naturleg å bruke dialekten. Då eg byrja i Newton, kunne eg velje om eg ville prate dialekten min eller normere språket. Men det er eit styr å normere. Eg ville vere ein så god programleiar som mogleg, og då er eg best på dialekt. Men elles, til dømes på bloggen vår, skriv eg alltid nynorsk, seier Solveig som er i ferd med å etablere seg som tv-fjes.

Den unge programleiar har studert medieproduksjon ved NTNU, og i 2005 gjekk ho på Nynorsk Mediesenter. Etter kvart byrja ho som vikar i NRK P3 og enda til slutt opp i barne-tv.

– Mitt første møte med barne-tv var i Tromsø, der me laga Påskemorgen og Sommermorgen. Etter kvart var eg programleiar i barne-tv frå Oslo. Eg trur nettopp dialekten min var viktig for at eg fekk den jobben. NRK er opptekne av mangfald, kanskje spesielt i barne-tv, slår ho fast. Nynorsk er då også tradisjon i Newton. Det er i alle fall ikkje noko nytt med nynorskbrukande programleiarar i vitkapsprogrammet, meiner Solveig. – Dei siste 6–7 åra har det no i alle fall berre vore brukt nynorsk, seier ho

og nemner programleiarar som Per Olav Alvestad og Unni Eikeseth. Det handlar om identitet. For sjåarane er det viktig å kunne kjenne seg att og identifisere seg med den som er på skjermen, meiner Solveig.

– Me veit jo at fleire jenter ser på programmet når det er ei jente som er programleiar. Det er litt slik med dialekt og. Det er viktig at born på vestlandet også får høyre dialekten sin på tv somme gonger. Det er ikkje bra viss det berre er austendingar som slepp til. Ungane må kjenne seg att.

– *Kva kan NRK gjere med det?*

– Eg synest det er kjempebra at NRK tenkjer på dette, og meiner dei er på rett veg. NRK Super er i alle fall opptekne av breidd og mangfald. Men dei kan sjølvsagt også bli betre.

Møtet med NRK i Førde var også ei god oppleving. – Tida på Nynorsk mediesenter var veldig lærerik. Det var ein super måte å setje seg inn i journalistikk på tv, radio og nett på. Men det var også litt skummelt; eg måtte arbeide ein del med nyhende i praksisen, og det er ikkje heilt mi greie, seier ho.

– *Eg har lese ein stad at du skjermar privatlivet ditt frå pressa?* – Tja, eg kan ikkje hugse at eg har sagt det. Men det er jo litt sant. Eg stiller gjerne opp i media og kan strekke meg til å vise hunden min. Er jo litt glad i merksemd. Men det blir ikkje meg og sambuaren min med Se&Hør-flaske i badekaret nei. Solveig var jenta som laga stinkbom-

ber og grov etter makk saman med gutane. I dag er ho like nyfiken, og i tillegg byrjar ho å bli kjendis. I alle fall kjenner borna henne ofte igjen på gata. Og då kjem spørsmåla. Spørsmål som krev svar. – Me får mange spørsmål frå barn. Det er kjempebra, då har me jo klart det me prøver på. Men når spørsmåla kjem på gata, dukkar problemet opp. Dei trur jo eg har svart på alt, og det stemmer sjølvsagt ikkje. Solveig ler. Også ho må lese for å finne ut kvifor smøret vert gulare når det vert smelta.

– Det var det nokre foreldre som spurde om. Dottera på 5 lurte på kvifor smøret forandra farge, og dei klarte ikkje å svare. Det er ofte slik.

– *Hender det at de får inn spørsmål om språk?*

– Det er ikkje så ofte. Men me har fått inn spørsmål om kvifor det er ulike språk i landet, eller kvifor me har ulike dialekter.

Noko blir det også for vanskeleg for Newton-redaksjonen å gi eit godt og kort svar på. – Me har ei spalder der me gir korte svar på innsende spørsmål. I dag sat eg faktisk med eit spørsmål me ikkje klarte å gi eit kort nok svar på: kvifor det er lettare å sykle fort enn sakte?

– *Eit godt spørsmål, kvifor er det egentleg slik?*

– Jo, altså. Solveig sukker.

– Det er litt vanskeleg ser du. Men det har noko med gyrokrefter å gjere. Det er eit slikt spørsmål som fortener eit heilt program i grunn. Ingen tema er for store i Newton,

ingen for små.

Det er ikkje noko latmannsliv å vere programleiar i Newton. Solveig ville då også bli journalist for å få ein sosial jobb der ho kunne lære nye ting. Det fekk ho så absolutt. Pulsen er til å ta og føle på i den vesle redaksjonen. Nyleg kom Solveig heim frå reportasjetur til Skottland, og nett no har programmet fått tre nye Newton-barn. Dei er med som programleiarar og kan kome med innspel til innhaldet i programmet. Det er hektiske tider. Solveig skal bli kjent med dei nye programleiarvennene sine, manus skal skrivast og ovast på. Og heile tida står produsenten og hamrar henne på skuldra.

– Det er som regel dei som er oppriktig nyfikke og har glimt i auga, som får vere med, seier Solveig om dei

som møtte på rolleprøve. Newton er i dag det einaste tv-programmet som handlar om natur og vitenskap for barn.

– Eg trur programmet kan hjelpe dei som har interessa i seg, til å dyrke den vidare. Me har tema som dei kanskje ikkje får sjå i andre tv-program. Men det er ikkje jobben vår å produsere fleire forskarar, slår ho fast. Programmet er for dei mellom 8 og 12 år, difor er det viktig å fornye seg innimellom.

– Programleiarane i Newton kan ikkje vere lenger enn tre år, og det er lurt. Sjølv har Solveig hatt drøymejobben det siste året.

– Ja, eg har alltid drøymt om å jobbe i Newton, og no er eg her.

– *Kva skal du drøyme om no då?*

– Eg har mange idear til gode familieprogram som handlar om natur og vitenskap. Me får sjå kva det blir til. Elles drøymer ho om sterke naturopplevingar på safari i Afrika, men her heime handlar det meir om å nyte naturen saman med hunden Toller på snart to år. – Eg er glad i å gå på tur ja, og så vil eg gjerne ha tak i alle kantarellane i heile Trøndelag, ler ho.

– *Kva minnest du best frå tida i Newton?*

– Eg fekk vere med på ein fødsel, det var heilt sjukt. Me hadde bede ei jordmor om å spørje dei som skulle føde, om det var greitt at me var der. Ei firebarnsmor takka ja. Eg har aldri følt meg så dum, eg berre sto der og sa ingenting. – *Programmet handla om fødselar?* – Ja, og om morkake. Ofte ser ein jo

berre fødselen. Det er ikkje så mange som snakkar om kva som skjer med morkaka.

– *Og firebarnsmora var så rutinert at ho sa ja til å bli filma med ein gong?* – Vel, først sa ho nei, sidan ho hadde hatt så mange studentar med på dei tre første fødslane. No ville ho ha ro. Likevel ombestemte ho seg etter at ho fekk lystgass. Men ho fekk sjå opptaket, altså, før det gjekk på lufta.

Sjølvmelding

Namn: Solveig Hareide

Alder: 26


Bur: Trondheim

Aktuell: Er programleiar i Newton på NRK. Programmet handlar om natur og vitenskap for barn mellom 8 og 12 år. Blir sendt på søndagskveldane og har om lag 400 000 sjåarar.

Les: Stieg Larsson, naturmagasin og hundeblad.

Høyrrer på: Mykje radio. NRK P3 og litt P1 når sambuaren får styre.

Førebilete: Morfar (den mest leikne 87-åringen i Florø)



Kva kultur er det me ønskjer at barna våre skal lære?

Vi har fått ny nettside!

www.pirion.no

Her finn du inspirerende kultursaker, omtalar av bøker for barn, inspirasjon til song- og forteljestunder

Pirion er ei kulturavis for barnehagar og småskular som kjem ut åtte gonger i året. Vil du tinge Pirion til barnehagen din? Ønskjer du informasjon om Pirionkurs? Send oss ein e-post: pirion@norsk-plan.no



Synest du
det er greitt
å få 5.000,-
i bot for
å pissa
der duene
skit?

LOKOMOTIV MEDIA

Du kan hoppa opp og ned så mykje du orkar. Du kan skrika og banna på festane, hekta av døra på dass og jamvel renna skallen gjennom stoveglaset. Det er ingen som gjer noko nummer av det likevel, ingen som gidd å heva augebryna eingong. Brukar du derimot kreftene dine på å stemma ved dette valet, så har du ein real sjanse til å bli høyrte.

**Det er ikkje pissetrengt
å meina noko. Bruk stemmeretten din.**

Me veit du har meiningar om korleis du vil ha det der du bur. Me veit det er mange ting du kunne ynskja deg annleis. Og me veit du har mykje å fara med. Gamlingane har fått sagt sitt i årevis. No er det på tide at du kjem på banen. Elles er me stygt redde for at det ikkje blir forandringar på denne sida av jul. Og då kan du like godt halda fram med å hoppa.

Mot til
å meina

SALDA KOMMUNE

Hjelmeland
kommune

KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

Time kommune

FESTIVALEN

Gardung.no

Søstrer med bygdesatire


– Det går an å skrive nynorsk og framleis vere kul, seier Guri Sørungård Botheim (31). Ho har skrive romanen Ramstein pensionat saman med søstera Sigrid (24).

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Med bokhausten kjem også debutantverka. Eit av dei er punktromannen Ramstein pensionat. Romanen handlar om den unge kvinna Debby, som bur i Trondheim med ein kjedeleg kontorjobb, overflatiske venner og ein slesk kjærast. Ho har det rett og slett ikkje så bra. Men så arvar ho eit pensjonat i Romsdalen frå grandtanta si, og der dukkar det opp både kjekke menn og eit heimebrentapparat som kjem til å spele ei sentral rolle i handlinga. – Parallelt følgjer me heimebrennaren, pianisten og forretningsmannen Humbrent. Det knyter seg spenning til kva som skjer dersom Humbrent og Debby møtast, seier Guri.

– Kva vil de fortelje med historia?

– Det har me tenkt ein del på etter at boka vart skriven. Romanen er i grunn distriktvenleg i uttrykket sitt. Den viser at det kan vere eit meir spanande liv på landsbygda enn i byen. Eg håpar det er bygdesatire på ein positiv måte, slår ho fast. Jentene frå Lesja



Guri Sørungård Botheim (31) og søstera Sigrid (24) debuterer no på Samlaget med punktromannen Ramstein pensionat. (Foto: Benedikte Skarvik / Det Norske Samlaget).

kommune debuterer no på Samlaget.

FELLES PROSJEKT

Boka er ein punktroman. Det vil seie at deler av teksten kan lesast sjølvstendig, og det vert mykje opp til lesaren å kople saman handlinga. Det mest oppsiktsvekkande med boka er utan tvil at det er to søstrer som har skrive ho saman. Medan Guri har hovudfag i litteratur og no jobbar ved Norsk Forfattersentrum i Midt-Noreg, er Sigrid utdanna klassisk pianist. Bokprosjektet har teke fire år.

– Det er praktisk vanskeleg å arbeide to i lag, men det har heilt klart tilført skrivninga humor. Det er fleire grunnar til at me starta på prosjektet. Blant anna var me på ein biltur til Romsdalen der me vart inspirerte. I tillegg skreiv me historier saman der me skreiv annakvart ord. Me har også gjort mange andre ting saman, blant anna har me spelt firehendig piano, fortel Guri Sørungård Botheim.

Ein annan grunn til at bokprosjektet vart realisert, var truleg at jentene kjende David Allan Aasen, som var forlagsredaktør i Det Norske Samlaget. – Me sende inn eit manus under psevdonymet Sigurd Sørheim, som er ei blanding av namna Sigrid og Guri, for å lure han litt. Seinare vart Sigurd Sørheim ein karakter i boka vår.

KJEMPEKULT OG FRISKT

Guri meiner haustens bokdebutantar er forfriskande unge. I tillegg meiner ho nynorsken er godt representert. – Det er viktig dersom nynorsken skal vere levande framover. For oss var det heilt naturleg å skrive nynorsk, det er skriftspråket vårt. Det var det me lærte på skulen, seier ho.

Ho viser til at mange unge forfatarar har opna døra for god nynorsk litteratur. Blant anna trekk ho fram Agnes Ravatn som ho meiner skriv «kjempeskult og friskt», Olaug Nilssen og Mette Karlsen.

– Og den største fordelene med å skrive nynorsk er at ein slepp å skrive bokmål, slår den unge debutanten fast.

Om det fristar å skrive fleire bøker saman? Heilt klart.



Jan Olav Fretland

– førsteamanuensis
i norsk, medlem av
Språkrådet

Språkråd

Ein "opplevelse" av forvirring?

Det er fint med val for ein språkmann, det er mykje å humra over. Til vanleg går dei folkevalde i korridorane og snakkar med kvarandre på stammespråket sitt. Det er sikkert trygt og godt, og dei kan diskutera optimalisering av inntekter og minimalisering av utgifter og laga seg agenda når dei skal snakkest, anten det er på noverande eller dåverande tidspunkt.

Men så, annakvart år, kjem valet, og dei får melding frå medierådgjevarane og reklamefolka sine at no må dei snakka rett fram (Høyr på han Carl I, seier dei!) og seia no og då og vera tydelege på om ja skal bety ja eller kanskje tja. Det er ikkje så vanskeleg, eigentleg. Problemet er sjølvsgatt at det blir lett å finna ut om vallofta held nokre månader etterpå. Men det er teknisk å ty til der og. Når dei raudgrøne får spørsmål om dei vil baklaga at dei ikkje har oppfylt ein lovnad frå Soria Moria, ja eller nei, så kan du vera sikker på at svaret ikkje blir ja eller nei. Kanskje: "Eg vil få minna om at Bondevikregjeringa ikkje gjorde det spøtt i denne saka." Eller: "Eg meiner det viktigaste no er ..." og så vidare. Og når nokon frå borgarleg hald får spørsmål om korleis ei borgarleg regjering blir samansett, er "God dag mann, økseskaft"-svaret godt å ty til, til dømes: "Det viktigaste no er at me får ei anna regjering." Eller: "Vårt parti vil uansett ta ansvar!" Den store kunsten er å gje klare veljargarantiar, men greia å få til eit nesten usynleg smothol om det skulle bli nødvendig. Eg lurar på om det er der Sponheimen er no, på spørsmålet om å støtta Frp. "Vårt parti vil uansett ta ansvar" kan bety så mangt.

Det er sjølvsgatt også viktig å ha nokre koseord som høyrst trivelege og vennlege ut no i valkampinnspurten. Eg har lagt merke til ein av stortingskandidatane frå Sogn og Fjordane, han har lagt sin elsk på opplevelse. Så spør du om det er kjærleikssoger eller kunstopplevingar han snakkar om. Men nei, ein dag snakka han i radioen om at han hadde ein opplevelse av at tannteknikarar kunne gjera ein god del av arbeidet til tannlegane. Det var litt av ei oppleving! Han har faktisk støtt og stadig slike opplevingar av eitt eller anna, men ein får ikkje nett hjartebebank av dei opplevingane han kjem med. Ein annan kandidat seier i forhold til heile tida, så han rekk ikkje å få med så mykje anna: Det er klart at i forhold til vegutbygging, må vi ta omsyn til at vi i forhold til vegbudsjettet har store utfordringar i forhold til infrastrukturen i fylket. Her vil vel kanskje medierådgjevaren vri seg og fella tårer.

Eg trur eg no elles godt om dei som stiller til val. Dei fleste har lyst, og dei fleste har noko dei vil utretta. Me får berre høyra etter kva ord me likar best, og kva ord me trur mest på, og røysta etter det. For røysta må me.

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin
for elevar på ungdomstrinnet
og i den vidaregåande skolen
– på nynorsk!

www.magasinett.no

Nett det du treng på nettet?

NO OG MED EIGA
HANDBOK
FOR LÆRAREN!

ABC
Startsida®
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege
start på
internett

www.startsida.no

Vinje



Kvalitetsost frå Haukeli

Edland i Vinje kommune husar Noregs einaste produsent av Chevre-ost.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Like ved gamle E134 gjennom Edland ligg Haukeli Ysteri, einaste produsent av ostane Norsk Chevre naturell og Norsk Chevre kvitmugg. I tillegg til leveransar til den norske marknaden eksporterer meieriet halvfabrikat til USA.

– Dette vert nytta i dressingsausar eller i smakstilsetjing i pizza, fortel meierisjef Hans Nesheim. I tillegg vert noko pakka om for sal.

I alt har Nesheim 55 leverandørar av geitemjolk frå Åkrarfjorden i Sunnhordland, Bjerkreim-området i Rogaland og frå Vest-Telemark.

I starten av sesongen får meieriet også geitemjolk frå Nord-Hordaland, Osterøy og Aurland.

FRÅ STORHUSHALD TIL BUTIKKSAL

Meieriet starta opp produksjonen av Norsk Chevre i 2000 og hadde sine fyrste leveransar til storhushaldningar, som restaurantar, kantiner og hotell.

– Dette var den enklaste og raskeste vegen inn på marknaden, fortel Nesheim. Det tok ikkje lang tid før osten vart kjend, og det kom krav frå daglegvarekjedane om å få selja osten. I 2004 oppretta Tine dotterselskapet Ostekompaniet, som i dag er ansvarleg for å distribuera osten.

KVALITETSMJØLK

– Tine Meieriet Sør har den beste geitemjølka i Sør-Noreg, bakteriologisk



Haukeli Ysteri er einaste produsent av Chevre-ost i Noreg. Meierisjef Hans Nesheim er nøgd med produksjonen. (Foto: Astrid E. Hjelmeland)

og kjemisk, fortel Nesheim. Han gjev bøndene heider og ære for å levera så stabilt god smak på mjølka over mange år.

– I løpet av dei ti siste åra har det vore eit stort framsteg når det gjeld smaken på mjølka. Smaken er avhengig av stabiliteten i fettsyrene i mjølka, fortel Nesheim. I mange tilfelle har smaken vore hersk og ram som følgje av at geita har tæra på fettsyrene grunna ustabil tilgang på mat.

I 1996 vart Haukeli Ysteri merksame på smaksfeilen og gjorde leverandørane merksame på dette. Fleire bønder fekk økonomisk støtte til å setja seg på skulebenken og auka kunnskapen om fôr og geitemjolkproduksjon.

I starten var 60 prosent av totalt 2,3 millionar liter mjolk som kom til Haukeli Ysteri, utsortert og vart nytta til dyrefôr. I 2008 var 1,85 prosent av ca 2,5 millionar liter mjolk utsortert. Så langt i 2009 er det ikkje noko utsortert mjolk på smak, fortel Nesheim.

STORE RINGVERKNADAR

Nesheim har flest lokale folk som jobbar på meieriet. Om sommaren har meieriet inne åtte sommarvikarar.

– Det er viktig at me får ungdom i frå skular inn på meieriet, slik at

dei får innblikk i kva Tine driv med, understrekar han. – Ringverknadane av bedrifta er særskild viktige for kommunen, held meierisjefen fram. Nesheim har 11 årsverk i produksjonsstaben på Haukeli og i tillegg sjåførar knytte til transport av mjolk. Dette spelar ei stor rolle med tanke på folketalet i kommunen.

Utsiktene i landbruket varierer, og Nesheim medgir at Haukeli Ysteri også må jobba med nebb og klør for å halda oppe produksjonen og produksjonsanlegget på Haukeli.

– Tine Sør, med base på Sola i Rogaland, er positive til anlegget, understrekar han.

Meierisjefen jobbar heile tida aktivt med å rekruttera nye leverandørar til ysteriet, men det viktigaste er å ta vare på og motivera eksisterande bruk til å halda fram med geitemjolkproduksjon. – Me må ta vare på proffane i geitemjolkproduksjonen, dei som sit med erfaring og kompetanse, seier Nesheim.



Ordfører Arne Vinje (SV) meiner innbyggjarane i Vinje kommune har eit sterkt sjølvmedvit. (Foto: Astrid E. Hjelmeland)



Vinje kommune er ein av dei største kraftkommunane i landet. Venemo-dammen ved RV 362 mellom Edland og Åmot er blant dei minste regulerte vatna. Vinje er også ein reiselivskommune med hyttefelt frå Vågslid i Vest til Rauland i Aust. (Foto: Astrid E. Hjelmeland)



Fjellkommune med sjølvmedvit

Ordføreren i Vinje har dei to siste åra motteke service-, kultur- og amnestypriis, men held likevel beina godt planta på jorda.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Distrikts-Noreg er litt offer for eit kolonialistisk mønster, hevdar Arne Vinje, ordfører (SV) i Vinje kommune.

– Det er krevjande å vera eit utkant-samfunn i dag. Vi leverer råvarer som kraft, metall og ungdom til utvikling av bysamfunnet. I det lange løp er dette utarmende for eit samfunn både kulturelt og politisk, seier Vinje. Han er difor særskild nøgd med at kommunen har fleire institusjonar, som til dømes Akademiet på Rauland, som huser avdelinga for folkekultur ved Høgskulen i Telemark, og Attføringscenteret i Rauland (AiR), som er den største ikkje-kommunale arbeidsgjevaren

i kommunen. Dette er institusjonar som krev kompetanse og likevel kan fungera godt der dei er lokaliserte. I tillegg har reiselivsnæringa i kommunen ifølgje ordføreren hatt ei rivande utvikling, med fleire tusen fritidsbustadar frå Vågslid i vest til Rauland i aust.

GODT SJØLVMEDVIT

Innbyggjarane i Vinje har ifølgje ordføreren tradisjonelt blitt skildra som eit folk med godt sjølvmedvit.

– Dette har med åra blitt sterkare i og med at forskarar og samlarar har tatt tak i det dei finn, og har lyfta det fram, fortel Vinje. Dette er med å stadfesta at det ein står for kulturelt, har ein verdi. Storsamfunnet legg premissar for lokalsamfunnet både når det gjeld haldningar og verdiar, held han fram. Nett av di den dominerande urbane kulturen er så sterk veks det fram eit behov for noko anna, unikt, som skil seg ut.

Sidan 2003 har SV-politikaren vore ordfører i kommunen som har hanka

inn prisar både for service, kultur og for integrering. Sistnemnde via amnestypriisen i 2008.

Somaljarane som kom til kommunen frå 1987, er i dag innbyggjarar i Vinje og ikkje lenger flyktningar, understrekar ordføreren.

I ei evaluering av integreringa som Vinje kommune har utført, er innvandrane sjølve til dels svært godt nøgde med situasjonen sin og har utvikla ei sterk tilknytning til Vinje. 80 prosent av dei som svara, seier at dei ikkje har ønske eller planar om å flytte til andre kommunar.

POSITIV VEKST

Vinje kommune er også ein av dei største kraftkommunane i landet. Sidan anleggsarbeidet skaut fart i 1957, er dei fleste av vassdraga i Vinje regulerte. Kraftverka i kommunen har ifølgje ordføreren ei samla installert effekt på 476 MW, og ein årlig kraftproduksjon på om lag 1,0 TWh til ein brutto marknadsværdi på 475 millionar kroner per år (2005).

Med eit areal som er 1,3 gonger større enn Vestfold fylke, og med knapt 3700 innbyggjarar kan fjellkommunen i Telemark ifølgje ordføreren skilte med eit breitt samansett samfunn. Etter mange år med tydeleg nedgang i folketal har ordføreren dei siste to åra merka ein positiv tendens for kommunen.

– Det verkar som om det er mykje positivt her, seier han. Ikkje mykje "Fucking Åmål"-stemning, så vidd ordføreren kan spora, og viser til den svenske filmsuksessen frå 1998.

– Mange av ungdommane som er utflytta, ser etter høve til å koma seg heim att, held han fram. Arne Vinje ser også interesse for å busetja seg i Vinje blant folk langt utanfor kommunegrensene.

– Dette syner at kommunen har lukkast i sitt arbeid med å styrkja omdømet, seier Vinje.



Lakseslottet Lindum er eit historisk hus der atmosfære og god mat dannar ramma rundt moderne fasilitetar for kurs og konferansar.

Du finn oss i Suldal, hjarta i Ryfylke, om lag to timar reiseveg frå Haugesund, Kinsarvik, Seljord, Stavanger eller Stord.

www.lakseslottet.no


+47 52 79 91 61



Me
gjev
rabatt til
medlemmer av LNK

Lakseslottet Lindum

Vinje kommune



Vinje kommune ligg øvst i Telemark og sentralt i Sør-Noreg. E-134 går tvers gjennom kommunen og er eit hovudsamband mellom aust og vest. E-134 møter riksveg 9 til Kristiansand i Haukeli. I Åmot møtest riksveg 37 frå Kongsberg og Rjukan med riksveg 38 frå Vrådal og Dalen.

Vinje kommune har 3662 (pr. 01.01.09) innbyggjarar og er på 3117 km². Grender med solsvidde tun frå mellomalderen, helleristingar frå bronsealderen og gravhaugar frå eldre jernalder. Ein diktartradisjon frå eventyra og folkevisene til Aasmund O. Vinje og Tarjei Vesaas, og ein musikktradisjon frå Myllarguten til unge spelemenn og rockemusikarar.

Om vinteren: moderne, godt utbygde alpinanlegg, kjelkebakker, milevis med velpreparerte låmer.

Om sommaren: ridesenter, gardsturisme, turorienteringsløyper, naturstiggar og mykje meir. Kommunen har

lange tradisjonar i reiseliv. Turistar kan velje mellom campinghytter, caravanplassar og hotell av høg standard.

Tre nasjonale prisar; årets servicekommune i 2005, amnestypriisen 2009 og kulturprisen 2009 har vore med på å gje Vinje kommune omdømme som kulturkommune, ein open og inkluderande kommune og ein servicekommune.

Kommunestyret er samansett slik:

Ordfører: Arne Vinje (SV)	
SV	6
AP	7
Sp	5
Frp	3
Krf	2
H	1



Tilbyr attraktive stillingar

HiT Rauland



Studiestad Rauland er hovudbasen for folkekulturstudia ved Høgskulen i Telemark.

Institutt for folkekultur ligg på Rauland i Vinje kommune og har nasjonalt hovudansvar for høgare utdanning i folkekultur.

Kjelde: www.hit.no

AiR



Attføringscenteret i Rauland (AiR) er Nasjonalt kompetansesenter for arbeidsretta rehabilitering.

Kompetansesenteret har fokus på institusjonsbasert arbeidsretta rehabilitering, der målet er å hjelpe brukarane til ein betre funksjon, slik at ho/han kan få tilbake eller ta vare på arbeidsevna.

Attføringscenteret i Rauland (AiR) – Klinik

• Attføringscenteret i Rauland (AiR) tilbyr rehabiliteringsopphald for personar med samansette plager og funksjonssvikt. Målet med opphaldet er at brukaren skal koma i arbeid.

Kjelde: air.no



Instituttleiar Bodil Akselvoll knytter til seg kapasitetar frå Universitetet i Oslo, Høgskulen i Bergen og andre institusjonar i tillegg til fast tilsette på avdelinga for folkekulturstudia på Rauland i Vinje. (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)

– Det gjev ringverknadar å tilby kompetansesarbeidsplassar i kommunen, seier Bodil Akselvoll.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Leiaren ved Institutt for folkekultur ved Høgskulen i Telemark si avdeling på Rauland kan i år markera 25-årsjubileum saman med kollegaer og studentar.

Like viktig som at ein får unge frå Vinje til å returnera til heimbygda, er det at kommunen har attraktive stillingar å skilta med, slik at ein også får nye kapasitetar til å flytte til kommunen, seier Akselvoll.

Avdelinga, som er den største utdanningsinstitusjonen for folkekultur i landet, har alltid hatt stabilt gode søkjartal. Men her er, ifølgje Akselvoll, plass til fleire. I dag er det om lag 100 studentar som studerer på HiT avdeling Rauland og avdelinga har om lag 15 årsverk og i tillegg fleire småstillingar.

– I tillegg til fast undervisningspersonale knytter instituttet til seg kapasitetar frå Universitetet i Oslo, Høgskulen i Bergen og andre institusjonar, fortel Akselvoll. Desse ressursane kjem inn med spesialkompetanse til masterstudiet.

STABILE SØKNADSTAL

Søknadstala til avdelinga på Rauland har jamt over vore gode.

– Medan folkekunststudiet alltid har hatt mest søkjarar, ser me at det nå også vert meir søkjarar til folkekultur, opplyser Akselvoll.

Folkekunststudiet vart etablert på Rauland i 1984 som eit høgskulestudium og vart i 1994 lagt under Telemark lærarhøgskule. I dag er avdelinga for folkekultur på Rauland det minste instituttet under Høgskulen i Telemark, og forslag om nedlegging som følgje av omorganisering er ikkje ukjende for instituttleiaren.

– Det er alltid nokon som føreslår å leggja ned eller flytta avdelinga frå Rauland så raskt det er snakk om omorganisering, seier Akselvoll. Men avdelinga har fått signal frå Høgskulen om at det ikkje er aktuelt, og det er ifølgje leiaren brei politisk støtte for å oppretthalda tilbodet på Rauland.

Det er viktig både for Telemark fylke og for Vinje kommune å oppretthalda dette tilbodet. Faga folkekunst og folkekultur er bygde opp saman. For distriktet er det viktig å ha ein statleg institusjon i kommunen, og det gjev ringverknadar for samfunnet når lærarkrefter etablerer seg i kommunen, held Akselvoll fram. Leiaren kom sjølv tilbake til Vinje i 1994 grunna jobb på instituttet, og det er fleire av lærarkreftene ved instituttet i dag som tidlegare har vore studentar der sjølv. Avdelinga for folkekultur og folkekunst held til i bygningane til Raulandsakademiet AS, der Vinje kommune eig 98 % av aksjane. Akademiet har som mål å drive eit aktivitets- og undervisningscenter tufta på det beste i folkekulturen.

KREATIVT KOMPETANSESENTER

– Sidan oppstarten i 2005 har kompetansesenteret ved Attføringscenteret i Rauland (AiR) rekruttert 12 tilsette i eit fagfelt som er ettertrakta nasjonalt, fortel Toril Dale, leiars for nasjonalt

kompetansesenter for arbeidsretta rehabilitering på Rauland.

Prosessen med å få tak i kompetente folk med doktorgradar i bagasjen er både spennande og interessant, ifølgje leiaren. I og med at det nasjonale senteret ligg på Rauland, må ein jobba på ein annan måte om ein ynskjer å rekruttera folk til stillingar i Oslo, held ho fram. – Ein må heile tida vera på jakt og kunna fanga opp "hovuda" når ein kjem over dei. Deretter må ein byggja opp oppgåvene rundt kompetansen. I staden for å etablere eit prosjekt og så finna folk, ser me på summen av dei folka me har, og jobbar fram prosjekt utifrå den kompetansen som fins, understrekar Dale.

FAGLEG ENGASJEMENT

Dale meiner senteret sel seg sjølv ved hjelp av det sterke faglege engasjementet deira.

– Me er nøydd til å tenkja annleis og vera kreative nettopp fordi vi er plasserte her vi er, konstaterer ho. Det er ikkje gitt at det skal ligga eit nasjonalt kompetansesenter på Rauland. I fjellkommunen Vinje er det ein kreativ staheit som kjenneteiknar miljø i periferien, meiner Dale. Her kan ein ikkje ta nei for eit nei, men må starta opp sjølv. Senteret samarbeidar med andre fagmiljø, som Unifob i Bergen.

– Dette er nødvendig for forskingskompetansen og tyngda.

Ein del av mandatet til kompetansesenteret er også å sikra fagutvikling i andre institusjonar. AiR-klinikken på Rauland er berre ein av 33 klinikkar som kompetansesenteret jobbar opp mot.

Fann draumejobben

Relevante jobbar gjer at fleire vel å busetja seg på Rauland i Vinje.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Det er ikkje berre flott natur som lokkar på Rauland. For førstelektor Per Åsmund Omholt og bibliotekar Ranveig Tunheim er det jobbar der dei får nytta og utvikla kompetansen, som har gjort at dei har etablert seg i fjellbygda. Dei kom begge til Rauland som studentar i folkemusikk, Omholt i 1987 og Tunheim i 2000, og har sidan blitt verande.

SMALT FAGFELT

Omholt er førstelektor i musikk og har undervist på folkemusikkstudiet sidan 1993. I dag er han etablert med kone og to barn. Kona er utdanna musikkpedagog med utdanning frå konservatoriet i Stavanger. Begge er tilflyttarar til Vinje og kjem opphavleg frå Sokna på Ringerike og frå Helgeland, litt utanfor Mo i Rana. Medan han underviser på folkemusikkstudiet, underviser kona på Rauland skule.

– Medan utdanninga mi er såpass smal at eg ikkje får jobb kvar som helst, er kona mi meir fleksibel som musikkpedagog, fortel Omholt. I dag underviser han i mellom anna sjøfløyte, hardingfele og song og i fag som høyrrelære, tradisjonskunnskap og musikkteori.



Førstelektor Per Åsmund Omholt får nytta ein brei kompetanse på HiT si avdeling for folkemusikk på Rauland. (Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)

I tillegg til å undervisa har Omholt tatt hovudfag ved Universitetet i Bergen, og i juni i år disputerte han med avhandlinga "Regional og typologisk variasjon i norsk slåttemusikk – en kvantitativ tilnærming med et historisk perspektiv" ved Griegakademiet, Institutt for musikk i Bergen.

SKAPAR FOLKEVEKST

Rauland barne- og ungdomsskule har i år det største elevtalet i kommunen. Omholt meiner ei medverkande årsak til dette er at mange unge vel å busetja seg på Rauland.

– Her er det både spennande arbeidsplassar og flott natur for den som er glad i det. Det er mange unge som buset seg her på Rauland, fortel førstelektoren.

Omholt er ikkje i tvil om at Rauland er rette staden for folkemusikk- og folkekunststudia.

– Studentmiljøet er viktig, og her er studentane saman heile tida, seier Omholt. Det er viktig for læringa at ein får dela erfaringar og ikkje minst dra nytte av kunnskap frå medstudentar. Dette medverkar til nyskaping og kreativitet. Her kjem studentar med bakgrunn frå vidaregåande,

folkehøgskule eller ferdiggjord lærarutdanning. Nokre har bakgrunn frå folkemusikk- og kappleiksmiljøet, medan andre har musikkfagleg bakgrunn og ei særskild interesse for folkemusikk. Stort sett er det unge folk som byrjar på studiet, men det er nokre eldre elevar og.

– Det er bra med ein studentmasse som har ulik bakgrunn og alder, understrekar han.

BLEI VERANDE

Bibliotekar Ranveig Tunheim fann draumejobben etter eit år på folkemusikkstudiet. Før ho søkte seg til Rauland i 2000, hadde Tunheim gjort ferdig bibliotekarutdanning frå Universitetet i Oslo.

– Medan eg gjekk på musikkstudiet på Rauland, dukka det opp ein ledig bibliotekarjobb, fortel ho. Sidan har ho budd på Rauland og har ikkje tenkt på å flytte med det fyrste. Ho har også fått med seg sambuar og komande ektemann frå Bryne, som jobbar som lege i Åmot.

Tunheim er oppvaksen på Nærbo på Jæren. Ein flott jobb og eit spennande og inspirerande miljø for den som interessert i folkemusikk, har gjort at ho har blitt verande. I tillegg er ho og særns nógd med den flotte naturen. Ho treivst også veldig godt som student i Bergen, Oslo og i Hamburg, men ho er medviten på å setja pris på dei kvalitetane som er der ein til ei kvar tid bur. Tunheim meiner det er særns positivt for Vinje at det er eit så allsidig miljø der.

Dei fleste av oss er opptekne av å nyte livet her og no



Sjølvsagt skal du nyte dagen i dag. Likevel kan det vere lurt å tenkje litt på dagane som kjem. Eller å la oss i KLP gjere det for deg. Gjennom snart 60 år har vi levert pensjon til kommunar, fylkeskommunar, helseforetak og bedrifter. Målet har heile tida vore å levere den beste pensjonsordninga i marknaden, slik at de som arbeider i det offentlege skal kunne gå pensjonstilvera trygt og optimistisk i møte.

Det er viktig å leve i "nuet". Men det er ganske fint å ha noko å sjå fram til også!

KLP
for dagane som kjem

Litteratur bygger identitet

Snart er det dukka for Nynorske Litteraturdagar i Aurland. I år kjem mellom andre Finn Tokvam, Tove Bakke og Arnfinn Nordbø.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no



Finn Tokvam kjem til Nynorske Litteraturdagar i Aurland. (Foto: Nynorske Litteraturdagar)

Det er Aurland kommune som står bak litteraturfestivalen, som 30. oktober til 1. november går av stabelen for fjerde året på rad. I år får musikken ein større plass i programmet enn han

har hatt før. Målet er å binde litteratur og musikk saman.

– Føremålet med litteraturdagane er ikkje først og fremst målsak, men å skape eit fokus på nynorsk identitet og språk. Det er også eit føremål å skape eit tiltak litt utanom den vanlege reiselivsesongen i Aurland, seier prosjektleiaren Arve Tokvam. Han legg vekt på at festivalen høyrer seg som ein litteraturfestival for eit breitt publikum.

– Me har ikkje noko tema for festivalen, slik som mange andre har. Dette skal vere eit lågterskeltilbod der det er noko for ein kvar smak, seier Tokvam og legg vekt på at ein her finn interessant program både for littera-

turinteresserte, studentar og andre. Nynorske Litteraturdagar i Aurland er også viktig for omdømmebygginga av kommunen.

– Det er ganske unikt at ein kommune står bak eit slikt prosjekt, meiner Arve Tokvam.

I år kan du høyre blant andre omsetjar Tove Bakke, forfattaren av boka "Betre død enn homofil", Arnfinn Nordbø, og humorspriaren Linda Eide. Her blir det også konsert med Olav Stedje, barne- og familiearrangement med Geirr Lystrup, teikneserierverkstad med Øystein Runde og Stand Up med Finn Tokvam.

Utvidar samarbeidet

Littkrit ynskjer no å utvide samarbeidet med Skrivekunstakademiet i Hordaland og Magasinett.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Gjennom Littkrit får ungdommar mellom 16 og 19 år delta i ulike aktivitetar knytte til litteratur og skrivekunst. Det er Aurland kommune som står bak litteraturprosjektet, og som no samarbeider både med Skrivekunstakademiet i Hordaland, LNK og nettstaden Magasinett.

SOLIDE NETTVERK

– No må me sjå på korleis me kan utvikle Littkrit vidare, og ikkje minst dra vekslar på samarbeidspartar som Skrivekunstakademiet og Magasinett. Begge desse har solide nettverk som kan vere med å styrkje Littkrit sin posisjon, seier tilretteleggjar Petter von Krogh. Han er også glad for at LNK ynskjer å ta aktiv del i prosjektet.

– Det er veldig positivt at nynorsk-kommunane er med på dette. Det kan kanskje også inspirere andre til å gjere noko liknande, meiner von Krogh. Littkrit starta opp i Aurland i 2006 og har vore eit attraktivt tilbod til ungdom, hovudsakleg frå Sogn og

Fjordane. Tidlegare år har ungdommane til dømes hatt til sommarjobb å lese og melde bøker. Prosjektet har sin eigen nettstad der omtalane av bøkene er presenterte. I år la derimot Skrivekunstakademiet sitt årlege sommarkurs til Aurland og Littkrit. Her vart det kurs for både vaksne og ungdommar. 12 vaksne deltok på kurset, som var leia av Brit Bildøen og Ruth Lillegraven, medan Ingelin Røssland var lærar for ti ungdommar på Littkrit-kurset.

PUBLISERT PÅ NETT

Framover hausten vert det viktig å få vist fram tekstane frå kurset.

– No vert truleg ein del av tekstane frå Littkrit-kurset publiserte på nettstaden Magasinett. I tillegg ligg mange av dei ute på vår eigen blogg, fortel Petter von Krogh. Felles marknadsføring for Littkrit, Magasinett og Skrivekunstakademiet, gjerne retta mot skulane, er også ein idé som det no vert jobba med.

Osland til Falturiltu

Erna Osland er årets festivaldiktar under den nynorske barnebokfestivalen Falturiltu på Stord. Første veka i november vert Falturiltu arrangert for tredje gong.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no



(Foto: Samlaget.no)

Målet med den nynorske barnebokfestivalen er blant anna å synleggjere dei mindre kjende barnebøkene. Spesielt vil festivalen fokusere på bøker som har noko nytt i seg, som provoserer i form eller tema, og bøker med uvanleg motiv og skrivemåte. Erna Osland frå Masfjorden er årets festivaldiktar. Osland vert rekna som ein av våre fremste barne- og ungdomsforfattarar og har sidan debutboka Natterammen i 1987 gitt ut 25 bøker. Bøkene hennar syner stor sjangerbreidd, frå faktabok om fiskeoppdrett til teikneserie om Ivar Aasen, og fleire av bøkene er heidra med prisar, til dømes Brageprisen og Kritikarprisen. Til no er ho omsett til fem språk. Under Falturiltu-festivalen vert det òg ein

litterær samtale mellom festivaldiktar Osland og Per Olav Kaldestad. Nokre av dei andre som vi kan oppleve på festivalen, er Hilde Myklebust, Helga Gunerius Eriksen, Atle Hansen og Ingelin Røssland.

Kleiva ny festspeldiktar

Forfatter Rønnaug Kleiva frå Ørsta vert festspeldiktar under Dei nynorske festspela i 2010. Ho vert den syttande forfattaren i rekkeja.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no



(Foto: Ingjerd Kleiva)

Dei nynorske festspela 2010 blir arrangerte i Ørsta og Volda frå onsdag 23. juni til søndag 27. juni, med Ivar Aasen-tunet som hovudarena. Dette året vert Rønnaug Kleiva festivaldiktar. Kleiva debuterte i 1985 og kan feire 25 år som forfatter neste år. Ho har gitt ut 22 bøker og er omsett til åtte språk, mellom anna serbisk, gresk og russisk. I september kjem ho med ein ny ungdomsroman på Det Norske Samlaget.

– Eg liker å skrive i ulike sjangrar. Eg hadde ikkje orka å skrive berre same typen bøker heile tida. Dikt skulle eg gjerne ha skrive meir av, men i staden puttar eg poesien inn i prosaen, seier Rønnaug Kleiva i ei pressemelding frå Ivar Aasen-tunet.

Kleiva debuterte med diktsamlinga *Animasjon* i 1985. Forfattarskapen spenner frå dikt og prosalyrikk til

barnebøker og ungdomsromanar og vidare til romanar, noveller og skodespel. Nesten alle bøkene er gitte ut på Det Norske Samlaget. Ho har fått mange prisar for bøkene sine, mellom anna både Kritikarprisen og Kultur- og kyrkjedepartement sin pris for *Ilekje gløym å klappe katten* som beste barne- og ungdomsbok i 1997.

– Forfattarskapen til Rønnaug Kleiva spenner så vidt at me får noko å bryne oss på når me no skal forme festspelprogrammet, seier programansvarleg for Dei nynorske festspela, Åshild Widerøe, i ei pressemelding.

Ny Fosse-utstilling

I samband med Jon Fosse-dagane opnar Ivar Aasen-tunet ei ny temautstilling om dikteren.

Utstillinga "Kunsten i livet" er bygd opp kring sitat av forfattaren og portrett, biletkunst og foto frå oppsetjingar av teaterstykket hans i fleire verdsdelar. Aasentunet vil prøva å visa korleis

forfattarskapen har utvikla seg frå Fosse var ein ukjend debutant til han no er blitt ein forfattar på verdsscenen.

Utstillinga om Jon Fosse er utstilling nr. 23 frå Ivar Aasen-tunet og er formgitt av Aina Griffin. I september blir utstillinga vist i Oslo, og til Sunnmøre kjem den først i oktober. Ivar Aasen-tunet reknar med at mange bibliotek og skular over heile landet vil vise utstillinga.



Kommunekreditt har vore støttespelar for Opera Nordfjord i ti år.


Det er mange mål....

Nokon er lette å nå - andre vanskelege. Ny skule, betre vassforsyning eller kanskje eit nytt operahus. Kommunekreditt gjer sitt for at midlane skal strekke litt lenger når dei folkevalde skal prioritera sine investeringar.

KOMMUNE
KREDITT

NORGE

Beddingen 8, 7410 Trondheim
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81
e-post: post@kommunekreditt.no www.kommunekreditt.no



Ein god gjest gjer husbonden glad

Ivar Aasen
Norske Ordsprog, 1881

Møteplassen i Oslo

Skal du til Oslo, treff du kjentfolk på Bondeheimen og Kaffistova. Alle tilsette i LNK-kommunane (privat- og tenestereiser) bur på eigne, gode prisar heile året.

Enkeltrom 970,-
Dobbeltrum 1110,-

Gratis breiband, nyoppussa, bog komfort og standard, norsk tradisjonsmat og uformell atmosfære for alt slags folk! Nær Karl Johan og regjeringskvartalet og alt Oslo har å by på!

Best Western
Hotell Bondeheimen® & Kaffistova®



Rosenkrantz' gate 8, 0159 Oslo ~ Tlf: +47 23 21 41 00
bookingoffice@bondeheimen.com ~ www.bondeheimen.com

– Greitt med bokmål i riksmmedia

Den nye programleiaren i Lydverket på NRK, Asbjørn Slettemark (34), klarer seg fint med bokmål. Men dialekten vil han gjerne halde på.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

– *Kva forhold har du til nynorsk?*
– Eg snakkar jo strengt tatt nynorsk og blir glad når eg høyrer Finn Tokvam på radioen eller les bøker av Ragnar Hovland. Utover det engasjerer eg meg særdeles lite i målkampen, eg klarar meg finfint med bokmål.

– *Burde ein gjere noko for å stimulere til meir nynorsk, eller dialekt, i norsk musikk?*

– Det bør artistar få velja sjølve, å "stimulera" til tendensar eller trendar høyrer ut som eit mislykka forsøk på noko som må koma av seg sjølv.

– *Blir det viktig for deg å bruke dialekten din i jobben som programleiar i Lydverket?*

– Eg tenkjer nok ikkje så mykje over det, men prøver jo å halde på sunnhordlandsdialekten min.

– *Skriv du nynorsk sjølv privat?*

– Nei, aldri. Bokmål har vore mitt skriftspråk sidan tidleg på 90-talet. Eg

skreiv nokre artiklar på nynorsk i Gula Tidend og Bladet Sunnhordland på 90-talet, elles har eg brukt bokmål.



Asbjørn Slettemark (34)

Bur: Er frå Husnes i Kvinnherad, men bur i Oslo.

Aktuell: Byrja 10. august som ny programleiar i musikkprogrammet Lydverket på NRK. Første sending er 30. september. Tidlegare kjend som redaktør i musikkmagasinet Faro Journalen og som dommar i tv-programmet IDOL.

Språk: Bokmål. Prøver å halde på dialekten.

(Foto: Sebastian Ludviksen, NRK)

– *Du skreiv ikkje nynorsk i jobben som redaktør i tidskriftet Faro Journalen?*

– Nei, det fall seg aldri naturleg. Eg har nok alltid meint at det har vore greitt å skrive bokmål i riksmmedia, utan at det er ei kampsak for meg.

– *Kva trur du om framtida til nynorsken?*

– Nynorsken kjem nok til å vere eit vitalt språk for litteratur, men det kjem nok ikkje til å bli noko større eller meir innflytelsesrikt enn det er per dags dato.

– *Korleis blir det å ta over jobben som programleiar i Lydverket?*

– Det er litt skummelt, men også spanande. Min forgjengar, Ingerid Stenvold, var ein proff og dyktig programleiar, men eg håpar at det skal gå seg til i løpet av dei første programma.

– *Kven drøymmer du om å intervju?*

– Tja, eg har aldri vore spesielt slått i bakken av store stjerner, men det er klart at ein produsent som Dr. Dre eller ein artist som Eminem står høgt på lista. Ein time med Bruce Springsteen hadde heller ikkje vore å forakta.

– *Kva program skal Lydverket bli i framtida?*

– Det blir nokre endringar, men den viktigaste for dei som ser på, er nok at det blir filma med publikum i salen



VIND

Dyra kviler
i skuggen frå trea

Dei gule bjørkene
er tunge av raklar
som ventar på vind
ventar på regn

Eit pust å falle inn i
og sidan søkke i mjuk ull

Lyset og lauvet
blander seg
og brenn

Henta frå Hilde Myklebust si diktsamling Søkk

og artistar på scenen. Lydverket skal også bli meir nyhendeorientert.

– *Kvifor trur du så mange reagerte på dei sterke meiningane du hadde som IDOL - dommar?*

– Hehe, eg seier som Jack Nicholson i filmen A Few Good Men: "You can't handle the truth!".

pssst.....

LNK.no

.....vi har fornya oss